

LNK AVISA

POST@LNK.NO NR 2 • 2009 • ÅRGANG 8 WWW.LNK.NO

Utvida samarbeid

Kommunane i Nordhordland tek kommunesamarbeid eit skritt lengre via ein digital kartportal.

S. 3

Variert landsting

27. til 29. mai skal landstinget til LNK fokusere på omdømmebygging, arbeidsinnvandring og vern kontra vekst i lokalsamfunnet.

S. 7

Krev meir nynorsk i Utdanning

Leiar i Bergen Mällag, Astrid Olsen, meiner det er på tide med meir nynorsk i fagbladet Utdanning. Ho får støtte frå Mediamällaget.

S. 14-15

Fjell kommune



(Foto: Ingrid Hillstøad)

- Vi har blitt ein veldig ung kommune. 30 prosent av innbygarane våre er under 20 år, seier Fjellordførar Lars Lie (H)

• Sjå s.16-19

Eit kulturliv



(Foto: Bent Are Iversen)

Fylkesdirektør for kultur i Sogn og Fjordane, Ingebjørg Erikstad, håpar fleire bedrifter i fylket vel å marknadsføre seg på nynorsk.

• Sjå s.12-13




Foto: Ingrid Grane

Trenar på nynorsk

Treningsgründer Yngvar Andersen meiner det er heilt naturleg å bruke nynorsk i marknadsføringa. Difor profilerer treningsenteret Mykje-meir seg på nynorsk midt i Oslo. Det handlar om å våge å skilje seg ut, og om å skape sitt

eige, unike omdømme. Kommunal omdømmebygging er også tema under LNK sitt landsting i mai.

• Sjå s. 22-23



TRADISJON OG MODERNE KOMFORT – HAND I HAND!

Hotell Hordaheimen framstår som ny, større og endå betre! Vi gjev alle medlemmer av LNK og deira tilsette spesialprisar på overnatting både helg og vekedagar.

	Vekedagar	Helg
Enkeltrom	kr 695,-	kr 595,-
Dobbeltrom	kr 895,-	kr 795,-

Sei du representerer ein LNK-kommune når du tingar rom. Herleg frukostbuffet er inkludert.

HOTELL  HORDAHEIMEN

Best Western

Tlf: 55 33 50 00 / e-post: booking@hordaheimen.no

Informasjonsavis for
Landssamanslutninga av nynorsk kommunar

Redaktør
Judith Sørhus Litlehamar

Kunsten å finne det unike

Mange kommunar arbeider med å skape eit unikt omdømme. Omdømmebygging skal gjere kommunen meir kjent og kanskje bidra til at fleire vel å busette seg på staden, eller kjem på besøk som turist. Med andre ord er truleg omdømmebygginga avgjerande for framtida til mange mindre kommunar som ofte slit med synkende folketal.

Kommunal – og regionaldepartementet skal ha skryt for at dei tek dette arbeidet på alvor. Gjennom sin nettstad Ry driv dei marknadsføring av omdømmeprosjekt i kommuner – noreg som har lukkast, samstundes som nettstaden fungerer som ein arena for kommunar som ynskjer å dele erfaringar.

Departementet har til og med sin eigen omdømmeskule. Der vert kommunane drilla i korleis dei best kan finne det unike med sin kommune. Og ikkje minst korleis dei kan spisse budskapet, og få den ut via mediekanalane.

- Omdømmebygging er eit identitetsprosjekt. Det handlar om å finne kvalitetane i kommunen, seier Børge Berglund til LNK-avisa. Berglund er konsulent og har vore lærar på omdømmeskulen. Han meiner det viktigaste er at kommunane marknadsfører seg på ein ekte måte. At dei vågar å skilje seg ut frå mengda. Noko som i seg sjølv er ein kunst.

Til det arbeidet trengst det kompetanse. Ein kompetanse det slett ikkje er sikkert kommunane har sjølv. Kanskje burde fleire kommunar tenkt på å ta inn eksternt hjelp til å få omdømmeprosjektet på føter? Samstundes som prosjektet ikkje må drukne som eit prestisjeprosjekt for konsulentar som ikkje kjenner dei lokale utfordringane. Eit omdømmeprosjekt må vere tufta i lokalmiljøet.

Departementet si satsing på kommunal omdømmebygging er etter vår meining for mange kommunar eit langt steg i retning av å lukkast.

Utgjevar:
Landssamanslutninga av
nynorsk kommunar (LNK)

Redaksjon:
Bente Kjos-Wenjum
Ingvild Grane
Ingrid Hillestad
Astrid Eidlhammer Hjeltnes
Magnus Stokka
Toyni Tobeck

Faste spaltistar:
Jan Olav Fretland
Vidar Hoviskeland

Korrekturlesar:
Ola Hauge

Adresse til redaksjonen:
LNK-Avisa
Næringsbedet i Vatlandsvåg
4235 Hebnes

Telefon 52 79 04 80
Telefaks 52 79 04 81
E-postadresse:
bladstova@lnk.no

Montering:
Norsk Plan A/S -
Astrid Eidlhammer Hjeltnes

Trykk:
Sunnhordland
Opplag omlag 6000
Bladet kjem normalt ut 6 gonger per år og kan
tingast hjå

LNK, tlf. 22 33 14 00,
LNK-Avisa, tlf. 52 79 04 80,
eller bladstova@lnk.no
Pris kr 150 per år.

Utgjevsplan 2009
5/6, 4/9, 16/10, 4/12

Annonseprisar:
1/1 side kr 17 000,-
(253x360 mm)
1/2 side kr 10 000,-
(253x175 mm eller 124 x 360 mm)
1/4 side kr 6 500,-
(128x175 mm eller 57x360 mm)
20 kroner per millimeter.

Prisane gjeld ferdig materiell.
Tillegg for farge.

Annonser blir å levera
som pdf-fil til:
astrid@norsk-plan.no



Illustrasjon: Leif Harald Forthun

Nynorsken må ut av kvotefella

Bokmålredaktørane på Austlandet må tvingast til å opne for nynorsk. Pressestøtta bør koplast opp mot ein fastsett nynorskprosent i spaltene. Reine nynorskviser må få ekstra støtte.

Statlege kvoter og tvang har lenge vore dei viktigaste våpna i kampen for nynorsken.

Så langt er det få sigrar å vise til. No er det tid for å tenkje nytt. I riksmidia vert det hevda at nynorsken kan fungere på kommentarplass, eller kanskje i ein eller anna bokmelding. Nyhende-språket, derimot, skal vere bokmål.

Det skjer til trass for at språkleg variasjon tradisjonelt har stått sterkt i norske media. I Oslo-avisene var språket lenge eit viktig identifikasjonsmerke. Eit radikalt bokmål var ein viktig del av sjela til Dagbladet. Aftenposten la seg på ei langt meir konservativt line.

No er korrekturavdelingar råka av sparekniven. Unge journalistar vel arbeidsstad ut frå lengda på vikariatet dei vert tilbydd, heller enn språkleg og politisk identitet. Språkleg mangfald framstår som ein luksus.

Men krisetidene bringer også med seg nye idéar. Aviser vil forsvinne og nye vil komme til. Internett vil ta ein stadig større del av marknaden. Redaksjonell nyvinning og mangfald vil etter kvart vinne fram.

Her kan nynorsken finne sin plass. Vi ser at fleire nettlesarar gir brukarane valet om å bruke nynorsk. I regionsavisene har Bergens Tidende gått føre og lar journalistane sine sjølv velje målform.

Men det bør ikkje vere pressestøtta eller nye kvoter som er bestevenen til nynorskforkjemparane. Kampen om språkleg mangfald må stå i dei ulike redaksjonane. Vi må vise at nynorsken fungerer på premissane som ligg til grunn i media. Vi må ikkje gjere oss avhengige av kvoter diktert av departementet.

Det bør ikkje vere pressestøtta eller nye kvoter som er bestevenen til nynorskforkjemparane

Redaktørar og desksjefar er ikkje prinsipielle motstandarar av nynorsk. Ankepunktet vi høyrer om nynorsken er at språket ikkje er like kraftfullt i formidling av nyhende. Det "slår" ikkje like sterkt i ingressen. Titlar skrivne på nynorsk framstår som "slappe".

Meir alvorleg for nynorsken er at den framstår som politisk "plassert" i spaltene. Den

tabloide modellen som rår i media fylger eit par viktige, men enkle prinsipp. Få, men kraftfulle ord i ingressen. Korte setningar. Fokus på person. Det er lesaren som skal bli engasjert. Ikkje nynorskforkjemparen.

Språket som vert brukt til å selje aviser i stativa, eller lokke til seg nettlesaren, fylger etablerte og tabloide retningslinjer.

For å få gjennomslagkraft for meir nynorsk, må vi våge å kjempe på dei premissane som er gjeldande i redaksjonane. Fyrst då kan nynorsken

vinne fram som noko meir enn eit vakkert litteratur-språk og marginalt distriktsfenomen.

KRONIKKFORFATTAREN

Lars Inge Staveland
Journalist
ABC Nyheter



Stamveg, diktarveg og turistveg

15. og 16. april vert det arrangert diktarvegkonferanse i Ulvik. Diktarvegen skal profilera rv.13 som ein pilotveg, den fyrste litteraturruta i Noreg. Diktarane er Arne Garborg, Jæren, Rasmus Løland, Ryfylke, Olav H. Hauge, Hardanger, Per Sivle, Voss og Sogn og Jakob Sande, Sunnfjord.

Saman om kart

Ni kommunar i Nordhordland samarbeider om ein digital kartportal som skal gjere kvardagen enklare for private så vel som det offentlege.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

Gjennom kartportalen nordhordlandskart.no er det lagt til rette for eit utal mulegheiter for innbyggjarar og sakshandsamarar som treng vite om grenser, næringseigedommar, strandsoner og andre planrelaterte saker. Felles regelsett og rutinar for planarbeid, oppmåling og liknande tenester, skal gi sakshandsaming på like vilkår uansett kva for ein av dei ni kommunane ein bur i.

FINNE LOKALMILJØET

Karttenesta vil dessutan vere av stor privat interesse, meiner utviklarane. - Folk som lurar på å flytte til ein av kommunane kan til dømes gå inn

på kartet og sjå kor langt det er frå eit aktuelt byggefelt til ein barneskule, forklarar Harald Stanghelle, leiar i arbeidsgruppa for Nordhordlandskart. Stanghelle er IKT-rådgjevar i Radøy kommune, og han legg vekt på at eit tett samarbeid mellom IKT og dei kart-faglege er heilt avgjerande for å få ei slik teneste så god som muleg.

Sjølv om den digitale karttenesta tilsynelatande er lik den tenesta dei fleste fylka i landet kan tilby, så har nordhordlandsmodellen fleire fordelar.

- Vi kan vere kjappare i oppdatering og utvikling, og vi går djupare i det lokale, seier Stanghelle. Til dømes kan karttenesta i Nordhordland syne kor i kommuneplanen det er sett av næringstomter, noko som ikkje er vanleg på andre kart. Enno kan ikkje kartet fortelje kva tomter som til ei kvar tid er ledige, men planen er å lage eit eige temakart for næringsareal.

UTLØYSER MIDLAR

Dei ni kommunane som utgjer Nordhordland digital er Austrheim, Fedje, Gulen, Lindås, Masfjorden,

SITATET:

«Det regionale flytilbodet er viktig for å oppretthalde sysselsetting og busetnad i alle deler av landet».

Samferdsleminister Liv Signe Navarsete til NTB om Nasjonal Transportplan.



Kartportalen nordhordlandskart.no syner mellom anna næringsareal i dei ni kommunane som er involverte.

Meland, Modalen, Osterøy og Radøy. I kartportalen samarbeider dei med fylkesmannen i Hordaland, Hordaland fylkeskommune og Statens kartverk, Bergen. Etableringa av kartportalen i 2004 blei finansiert av KRD og næringslivet i regionen. Hordaland fylkeskommune bidrar med subsidiert drift av kartportalen og fylkesmannen yter tilskott frå tildelte skjønsmidlar til tiltaket.

Fortan å samarbeide om karttenestene har regionen felles GPS og anna spesialutstyr som kvar kommune kan bruke etter behov. Det er og med og held kostnadene nede både for kommunane og for brukarane.

SKAL HA ALT

Etter at nordhordlandskart.no vart utvikla har og Bergen og omland adoptert strukturen for portalen, fortel Stanghelle, og regionane samarbeider om den vidare utviklinga. Han ser ikkje bort frå at andre regionar kan la seg freiste av arbeidet dei har gjort. Arbeidet med nordhordlandskart.no har tilført Digitale Nordhordland mykje kartkompetanse og styrkt fagmiljøet. Kommunane er blitt ein del av Geovekst, eit geodatasamarbeid mellom kommunane, Statens kartverk, Telenor, Statens vegvesen, Energiforsyningens Fellesorganisasjon, Kommunenes Sentralforbund, og Landbruksdepartementet.

- Vi ønskjer på sikt at alle interkommunale selskap skal ta del i samarbeidet, slik at vi best muleg kan utnytte kvarandre sin informasjon gjensidig, seier IKT-rådgjevar Stanghelle.

I dag er det dessutan slik at mykje informasjon som ligg i portalen og andre kommunale register og arkiv er aktuell å få tilgang til i samband med eigedomsall eigedomssall, slik som grenseangang, eigedomsskatt eller vatn og kloakk. Tanken er at all slik informasjon skal kunne hentast ut frå kartportalen, fortel Stanghelle.

- Mest muleg automatisering, det er målet.

- for deg som meiner noko

MAGASINETT

Eit stimulerande nettmagasin for elevar på ungdomstrinnet og i den vidaregåande skolen – på nynorsk!

www.magasinett.no
Nett det du treng på nettet?

NO OG MED EIGA
HANDBOK
FOR LÆRAREN!

ABC
Startsida®
- Ver nynorsk på nett

Din
naturlege
start på
internett

startsida.no



Landssamanslutninga
av nynorsk kommunar (LNK)

• PB 7044
St. Olavs plass
0130 Oslo

• www.lnk.no

• info@lnk.no

• Dagleg leiar:
Vidar Hoviskeland

• Styret:
Jan Magne Dahle, leiar
Astrid Myran Aarvik, nestleiar
Sofrid Borge
Kjell G. Helland
Rune Øygard

• Varamedlemer:
Nils R. Sandal
Velaug Veum
Oddvar Haugland

• LNK arbeider for å skape positive haldningar til nynorsk språk og kultur og for at kommunane og styresmaktene tek desse sakene opp gjennom sine planverk.

• LNK tek på seg å vere talerøyr for medlemmene og spreie informasjon som styrker dialektane, nynorsk skriftspråk og dei kulturtradisjonane dette står for.

• LNK samarbeider med:
Bladet Sunnhordland
KLP forskning
Hotell Bondeheimen
Fagforbundet
Kommunalbanken

Høviske ord

Gjennom spalta si i Dagens Næringsliv går direktør i Nynorsk Kultur- og senter, Ottar Grepstad, til knallhardt åtak på Senterpartiet sitt kulturpolitiske program. Bakgrunnen ser ut til å vera at han meiner SP ikkje er viljuge til å bruka nok pengar på kultur og ikkje har ein god nok modell for å sikra at kunstnarar vert buande i distrikts-Noreg, og at kommunane og dei riksdekkande kulturelle institusjonane syter for at statlege kulturkroner når ut til resten av landet. Grepstad sit sjølv i Kulturrådet og deler ut pengar, så han veit nok kva han snakkar om. Men det blir feil når han rettar skytsen mot eitt parti. Ein kan seia mykje om Senterpartiet, men å påstå at dette partiet, av alle, ikkje skulle vera interessert i å utvikla Noreg utanfor Oslo, blir for dumt.

Men Grepstad har eit poeng. I dag bur meir enn halvparten av norske kunstnarar i Oslo. Svært mange av desse har flytta hit frå resten av landet. Og dei kjem frå svært så ulike miljø – kunstnarane som flyttar kjem både frå Bergen og frå Ballangen. Dette er urovekkjande. Utviklinga er med på gjera miljøa i kommunane utanfor hovudstaden fattigare. Mangfaldet og livskvaliteten i resten av landet vert redusert. Det må såleis leggjast til rette for at distrikta skal kunne få ta del i det nasjonale kulturlivet, og at ein samstundes må sikra mangfaldet i kulturlivet i dei einskilde kommunane.

Det er ikkje unaturleg at kunstnarar, til liks med andre yrkesgrupper, søker saman med likesinna. Slikt skjer og har

skjedd til alle tider. Kunstnarmiljøa i Barcelona og Berlin er gode døme på dette i dag. Men det må ikkje bli slik at det å flytta til eit gitt miljø vert oppfatta som det einaste alternativet for ein kunstnar. Og det er her kulturprogramma til dei politiske partia vert så viktige. Politikerane må leggja til rette for at kulturtilboda utanfor Oslo skal vera noko meir enn underhaldning og sosialt samvere.

Eg har lyst til å sitera LNK si høyringsfråsegn til Løken-utvalet sin rapport i 2008:

”Det er viktig at profesjonelle kunstnarar ser seg råd til å busetja seg i kommunar utanfor dei store byane. Og det er viktig at tilskotsordningar vert utforma slik at distrikta vert sikra vitjing av kunst og kultur av høg kvalitet; utstillingar, forfattarvitjingar, og utøvande kunstnarar innanfor musikk og scenekunst.

Det finst ingen fasit for kva som er god og dårleg kunst. Dette kan ein sjå i den daglege samfunnsdebatten, og ikkje minst når historia etter ei tid feller dommen over det som har vore. Slik må det sjølvsagt vera. Den sikraste medisinen mot einsretting, er å syta for mangfald og breidde hjå dei utøvande kunstnarane. For å få det til, må det vere mangfald og breidde hjå dei som skal fordela offentlege tilskot. Mantraet i sentrale kulturkrinsar i dag ser ut til å vera å samla meir makt på færre hender. Eg er redd for at dette vil føra til meir einsretting av kulturlivet.



Vidar Hoviskeland er dagleg leiar i LNK

Dahle innstilt som leiar

På landstinget til LNK i mai skal det veljast nytt styre i organisasjonen. I følgje innstillinga frå valnemnda held Jan Magne Dahle, Ørsta kommune, fram som styreleiar, også Astrid Myran Aarvik, Lærdal kommune og Rune Øygard, Vågå kommune held fram frå det førre styret. Medan Laura Selveit, Sauda kommune, og Helge Andre Njåstad, Austevoll kommune er nye styremedlemmer. Valnemnda gjer også framlegg om at Nils R. Sandal, Sogn og Fjordane fylkeskommune, Velaug Veum, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Bjørn Fredrik Nome, Fyresdal kommune vert varamedlemmer.

Forlenga hotellavtale

Samarbeidsavtalen mellom LNK og Best Western Hotell Bondeheimen er fornya fram til år 2013. Det betyr at alle tilsette og politikarar i medlemskommunane til LNK kan nytte godt av gunstige hotellprisar i Oslo sentrum.

• Eit netto driftsresultat på 0,4 prosent for kommunesektoren er sjølvsagt mykje lågare enn ein kunne ynskje, slår Kleppa fast i avisa. Ho er likevel optimist for det komande året og meiner kommunebudsjettet for 2009 vil gjere kommunane i stand til å konsolidere stillinga, og ikkje minst betre resultatet.

Kommune i omstilling

Ein utanlandsk investor har vist interesse for å kjøpe den tidlegare felgproduzenten Fundo Wheels AS i Høyanger. Ordførar Kjartan Longva (Ap) har tru på at næringslivet i kommunen skal klare å omstille seg etter konkursen.

JUDITH SØRHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

Kommunen er no på leit etter nokon som vil ta over drifta ved fabrikkjen. Ein utanlandsk investor har nyleg vist interesse for å kjøpe bedrifta. - Dette er veldig usikkert, men det er ei utanlandsk bedrift som har vist interesse for ei mogleg drift av Fundo. Truleg veit me meir over påske, seier Longva. Manglande etterspørsel etter felgar til Volvo, Audi og BMW førte til at felgproduzenten gjekk konkurs i januar. Heile Høyangersamfunnet er no berørt av konsekvensar frå finanskrisa. Med alle ringverknadene har totalt sett ein stad mellom 450 og 500 menneske mista jobben sin. Hydro i Høyanger har også varsla at 20 tilsette må gå.

STØTTE FRÅ REGJERINGA

Nyleg besøkte statsminister Jens Stoltenberg Høyanger. I den siste tida har også statsministeren besøkt andre industristadar som er råka av finanskrisa, deriblant Eramet sin fabrikk i Sauda. - Det var veldig kjekt. Han var veldig godt orientert om det som har skjedd på Fundo. Og han sa jo at i det øyeblikket me har prosjekt som er lønnsame, så har me pengar. - Regjeringa støttar Høyanger for å skape nye arbeidsplassar og ny vekst. Situasjonen i Høyanger er alvorleg både for lokalsamfunnet og ikkje minst for dei einskildpersonane og familiarane dette gjeld,

Meiner 2008 var eit unntaksår

Over halvparten av kommunane hadde eit negativt netto driftsresultat i 2008, viser dei foreløpige kostra – tala.
- 2008 var eit unntaksår, seier kommunal – og regionalminister Magnhild Meltveit Kleppa til Kommunal Rapport.

JUDITH SØRHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

KS-leiar Halvdan Skard er på si side bekymra. - Me tok opp situasjonen i eit konsultasjonsmøte med regjeringa nyleg. Kostnadsauken i 2008 var høgare enn ein såg på førehand og kommunane har ikkje slått på bremsene fordi dei ynskjer å oppretthalde tilbodet til innbyggjarane. Me ser at aktiviteten har auka, både i skule, pleie- og omsorg og barnehagar, seier Skard til Kommunal Rapport. Han viser til at regjeringa delvis har teke grep om situasjonen. - Utgiftene må kuttast dei neste åra viss ikkje inntektene aukar meir, slår Skard fast. Kleppa meiner det er gledeleg at kostra-tala viser at kommunane har satsa på å styrke velferdstenester som omsorg, barnehagar og skule, og ho seier til Kommunal Rapport at den raudgrøne regjeringa har gitt kommunane 30 milliardar meir enn i førre periode..



Av Petter Skouen
adm. direktør, Kommunalbanken

På kommunevis

Krise og moglegheiter

Den globale finanskrisa har òg rulla inn over landet vårt. På ulikt vis har mange, både i næringsliv og hushaldningar, fått stifta kjennskap med ein nedgangskonjunktur som vi må mange tiår tilbake for å finna maken til. I einskilde bransjer er det bråstopp, arbeidsløysa aukar og usikkerheita breier om seg. Store internasjonale finansinstitusjonar knakar i samanføringane. Regjeringane har lagt fram rednings- og tiltakspakkar som har skal vera med på å dempa dei mest skadelege verknadane.

Internasjonalt er Noreg i ein gunstigere situasjon, samanlikna med andre land. Vi har ein solid økonomi, vi har inga statsgjeld, og vi har handlingsrom. Vi kan difor møte krisa på eit anna vis enn mange andre har høve til. Dette avspeglar òg krisepakkan som den norske regjeringa har lagt fram. Finanskrisa har òg banka på kommunale dørrer. For eit års tid sidan var det Terra-saka som var i fokus. Norske småkommunar fekk eit ublidt møte med internasjonal finansnærings. Dei kommunane som vart ramma, vil slita i lang tid med etterverknadane.

Likevel må det seiast at det er lite sannsynleg at kommunane opplever finanskrisa like dramatisk som deler av næringslivet. Via dei statlege tiltakspakkane blir det lagt til grunn at kommunal sektor skal ha eit klart medansvar for å redusera verknadane av lågkonjunktura. Kommunane er tiltent ei viktig rolle i motkonjunkturpolitikken til regjeringa. Kommunane har fått i alt 4 milliardar kroner som øyremerka vedlikehaldstilskot, 1,2 milliardar kroner i frie inntekter og 0,8 milliardar kroner som rentekompassasjon. I tillegg har kommunane fått 1,2 milliardar kroner som kompensasjon for reduserte skatteinntekter. Dette gjer det mogleg å ta tak i det enorme vedlikehaldsetterslepet som har opparbeida seg. Prosjekt som har stått på venteliste i mange år, kan nå bli realiserte. Desse tiltaka skapar auka aktivitet og det lokale næringslivet, og bidrar til auka velferd lokalt. Det inneber at krisen kan bli til moglegheiter i lokalsamfunnet. Det gjeld å sjå høva, gripa dei og å setja dei inn i den rette samanhangen.

Dei fleste kommunane har sikkert registrert at det har vore ein slags unntakstilstand i kredittmarknaden sidan i fjor haust. I store delar av denne tida har faktisk berre Kommunalbanken vore til stades som långjevar. Kommunalbanken sine utlånrenter har gjennom fjoråret lege opp mot eit prosentpoeng lågare enn hovudkonkurrentane sine. I mangel på ein konkurrent med låge rentemarginar, har banken vore sin eigen skarpaste konkurrent.

Kommunalbanken har til nå ikkje vore nemneverdig råka av finanskrisa, og fleire av dei utanlandske kapitalmarknadene der banken legg ut sine innlån har vore opne.

Konkurransesituasjonen vil etter kvart normalisera seg, og einkvar konkurrent som kan bidra til lågare kapitalkostnadar for kommunane, er ønska velkomen.

Kommunalbanken sitt mandat er å vera garantist for at viktige samfunnsprosjekt skal kunne finansierast, og den garantien skal Kommunalbanken kunne stå for framover òg.

Klepp vurderer LNK-medlemskap

Klepp Mållag har oppfordra Klepp kommune til å melda seg inn i LNK. Formannskapet har no sendt saka vidare til kommunestyret, der saka vart nyleg behandla. Diverre gjekk LNK-avisa i trykken før resultatet var klart.

JUDITH SØRHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

Framlegget om å melde seg inn i Landssamanslutninga av nynorsk kommunar (LNK) vart fremja av varaordførarar Torbjørn Hovland (KrF). - Eg foreslår at me melder oss inn. Nynorsken er under press, samtidig som ein ser meir bruk, blant anna i media. Foreldre skal sjølv sagt ha rett til å velja mållform for sine barn, men eg tykkjer at det er urovekkjande at over halvparten av elevane på Orstad skule har bokmål som sitt hovudmål. Nynorsk har med identitet og røter å gjera, og burde stå sterkt her i Klepp, meinte Hovland ifølgje Jærbladet. Eit fleirtal på fem i formannskapet gjekk inn for at kommunen skulle melde seg inn i LNK. Likevel vart saka sendt vidare til kommunestyret. Ordførar Elfin Lea (H) var ein av dei som var positive.

- Grunnen til det er nok at eg er herifrå, og dei fleste av oss brukar eit tale mål som ligg nært opp til nynorsk, meiner han og legg vekt på at det må gode tiltak til for styrke nynorsken i regionen sidan Klepp kjenner på bokmålspresset frå område som Sola, Sandnes og Stavanger. Samstundes åttvarar han mot å bli for gamaldags, og i større grad akseptere ein del av språkutviklinga. Vil du vite kva kommunestyret i Klepp bestemte seg for? Les meir på nettstaden vår lnk.no.

- Vi må bli mindre sjenerte

Ho er blyg på egne vegne, men har store mål for Nynorsk Pressekontor (NPK). Karoline Riise Kristiansen (31) vil gjere NPK meir synleg.

MAGNUS STOKKA

I sjølvaste Akersgata, i VG-bygget, i hjarta av hovudstaden, inst i ein krok i lokala til Norsk Telegrambyrå (NTB) – der finn vi NPK sin ferske sjefredaktør. Karoline Riise Kristiansen vil arbeide med å syne fram kvalitetane i redaksjonen.

- NPK spelar ei viktig rolle i samfunnet. Då gjeld det å bli meir synleg for folk, seier 31-åringen, som tok over redaktørstolen etter Arne Sigurd Haugen 2. februar.

- Korleis skal de bli meir kjent for folk flest?

- Det handlar om at fleire får vite om oss. Det skal vi få til ved å bygge stein på stein ilag. Det er mykje kunnskap mellom veggane og mange flinke folk i redaksjonen. Men eg trur ressursane kan utnyttast betre.

SKAL STYRKE NYNORSKEN

Kristiansen ønskjer ikkje å røpe for mykje om planane til pressebyrået som har vore under vengene til NTB sidan januar 2007. Til det har ho vore for kort tid i sjefsstolen.

- For meg er det viktig å lytte til kva redaksjonen vil. Men det er jo ingen tvil om at vi også i framtida vil arbeide med å styrke nynorsken i media.

- Korleis skal de gjere det?

- Det er mange vegar, seier den noko løydomsfulle sjefredaktøren.

- Kva har det å seie for NPK om Språkrådet får gjennomslag for kravet om lik bruk av nynorsk i riksavisene som i radio og fjernsyn?

- Det er jo klart at det vil bli eit større behov for nynorskpressa. Men alt eg kan seie er at det er supert med debatten som no har blussa opp. Det verste er at ingen bryr seg om noko som er så viktig som språket vårt.

BLIR I OSLO

Distrikts-Noreg vil, kanskje ikkje overraskande, bli ein sentral del av satsingsområdet til NPK framover også.

- Det er viktig å ta vare på den nisjen vi har. I tillegg til det vil eg arbeide med å betre kundekontakten og prøve å nå ut breiare enn slik det er i dag. I det arbeidet vil eg vidareutvikle NPK Direkte, som vi lanserte rundt påsketider i fjor. Tenesta har gjort at vi kan tilby fortløpande pressemeldingar til nettavisar og andre aktørar på nett, seier den tidlegare redaktøren i startside.no.

- Kva tenkjer du om at distrikta sitt pressekontor er plassert midt i Oslo-gryta?

- Eg forstår godt dei som argumenterer for at vi skal ut av hovudstaden. Samstundes er det svært gode grunnar for å bli. Vi er der dei viktigaste vedtaka finn stad, og kan til dømes setje fokus på andre ting enn Oslo-pressa under spørjetimen i Stortinget. På den måten er vi i stand til å setje dagsorden for Bygde-Noreg på ein betre måte enn kva vi kunne gjort om vi hadde hatt hovudkontor i Førde



Karoline Riise Kristiansen (31) vil gjera NPK meir synleg for folk. - Vårt hovudmål vil alltid vere å styrke nynorsken i media, seier ho. (Foto: Magnus Stokka)

eller Volda. Dessutan har vi frilansarar rundt omkring i landet, i tillegg til at vi sjølve reiser ut i distrikta.

NYNORSK SPISSKOMPETANSE

NPK er 40-årsjubilar i år. I alle år har spisskompetansen vore det nynorske språket. Denne tradisjonen vil Kristiansen halde fast på. I den samanhengen ser ho arbeidet med ein ny språkplakat som særskilt viktig.

- Målet er å få på plass ei liknande ordliste som «NTB-språket». Håpet er at den skal fungere som ei språkleg rettesnor for dei som brukar nynorsk i pressa.

Men det er ikkje berre språkkompetansen som skal løftast fram i Akersgata 55.

- Vi kan meir enn å omsetje tekstar frå bokmål til nynorsk. Vi lagar mange eigne produserte saker, både nyheiter og reportasjar. Det vil vi halde fram med. Men i tillegg til vidareutvikling må det fornying til. Og det trur eg vi skal få til i samarbeid med NTB.

OPTIMIST

Dei vidare planane for NPK vil Kristiansen tygge litt meir på. Den første månaden som øvste leiar har nemleg vore kaotisk.

- Det har vore mykje å setje seg inn i, alt frå tekniske verkty til det å bli kjent med redaksjonen. Jobben i eit pressebyrå er annleis enn det eg er van med, og det tar tid å få oversikt.

- Korleis er det å bli sjefredaktør då?

- Det er ei stor oppgåve å styre Nynorsk Pressekontor. Men eg har ikkje tenkt så mykje på akkurat det å vere sjef. Det viktigaste er kva vi får til saman. Men eg ser lyst på framtida. Nynorsken har heile tida vore ein del av min identitet. Den har vore med meg heile livet. Eg er glad i språket mitt og eg håpar arbeidet til NPK kan vere med å bidra til at det overlever i framtida også.

Landstinget 2009

Må finne det unike

- Omdømmebygging er eit identitetsprosjekt. Det handlar om å finne kvalitetane i kommunen, seier Børre Berglund som i fjor underviste 16 kommunar i temaet på kommunaldepartementet sin omdømmeskule.

JUDITH SØRHHUS LITLEHAMAR
judith@norsk-plan.no



Administrasjonssjef i Lom kommune, Ola Helstad, meiner erfaringane med kurs i omdømmebygging er gode.

Omdømmebygging krev derimot tid og ressursar. Prosessen må vere ekte og unik nok til å skilje seg ut frå mengden.

HJELP TIL SJØLVHJELP

Kommunen må finne fram sine unike kvalitetar og spele på dei.

- Ein må bygge kommunen innanfrå, det tek tid, meiner Berglund og viser til at innbyggjarane må vere med for at prosjektet skal bli ekte nok.

- Hensikten med skulen var å gi kommunane eit verktoy, men størst jobben

må dei gjere sjølv. Du kan vel kalle det hjelp til sjølvhjelp, smiler han. I følgje Judith Kortgård i Kommunal- og regionaldepartementet er attendemeldingane frå dei 16 kommunane utelukkande positive. No ynskjer departementet å gjennomføre kurset også i 2009.


- Me er i dialog med kompetansesenteret for distriktutvikling om å få til ei vidareføring av skulen, men eg veit ikkje når det blir. Målsettinga med kurset er ifølgje departementet å fokusere på omdømmebygging i kommunane og å få den enkelte kommunen til å bli bevisst på kva kvalitetar det er på heimstaden deira. For mange betyr det at ein må heve kompetansen i kommunen for å gjennomføre ein prosess med å bygge eit omdømme.

GJESTFRI OG NYSKAPANDE

Lom kommune er ein av dei 16 som deltok på kurset i fjor. Administrasjonssjef Ola Helstad meiner erfaringane er gode.

- Omdømmebygging er ei målsetting dei fleste kommunar har for tida. Dette er også definert som satsingsområde i vår kommuneplan, seier han, og viser til at kommunen no har henta inn informasjon i fleire rundar frå innbyggjarar og tilsette i kommunen om kva dei meiner bør vere med i ein slik prosess.

- Kva er spesielt i Lom?



Ry er Kommunal- og regionaldepartementet sin nettstad for omdømmearbeid i kommunar og regionar. Målet er at nettstaden skal vere til inspirasjon for omdømmebyggjarar, og ein arena der ein kan dele erfaringar. I tillegg til nettstaden har departementet ein eigen omdømmeskule som er eit kursopplegg for kommunar som ynskjer å utvikle omdømmebygginga. Kurset vart første gang gjennomført i fjor, med konsulent Børre Berglund som lærar. Departementet ynskjer også å gjennomføre prosjektet i år.

(Kjelde: Kommunal- og regionaldepartementet)

- Me har dei høgaste fjella og unike naturopplevingar. Sjølv om det er mange som er gode på natur har me eit spissprofil på det. Samstundes har me som mål å vere gjestfrie og nyskapande. Det er ein visjon som er utfordrande, seier Ola Helstad, og legg ikkje minst vekt på at omdømmebygging kan bli avgjerande for om kommunen klarer å snu den negative folketalsutviklinga.

ROMAN-KONKURRANSE

Vinn 100 000 kroner og få boka di utgitt på Det Norske Samlaget. Nasjonalt Garborgsenter og Det Norske Samlaget søker nye politiske romanar!

Vi etterlyser romanar som kastar lys over vår tid. Nasjonalt Garborgsenter opnar på Bryne i 2011. Arne Garborg skildra si tids store omveltningar – religionen si rolle, skilnadene mellom lokal, nasjonal og europeisk identitet og maktforholda i samfunnet. Vi håper å finne hans arvtekstar.

Kva er dei viktigaste utfordringane i verda i dag?
Kvar skjer dei største endringane i kultur og levemåte?
Kva betyr den globaliserte verda for enkeltmennesket?

Premien er på 100 000 kr. Vinnaren blir lansert under opninga av Nasjonalt Garborgsenter våren 2011 og boka vil bli gitt ut på Det Norske Samlaget.

Frist: 1.4.2010

Send manus til **Det Norske Samlaget, Jens Bjelkes gate 12, 0506 Oslo**. Manuset må vere skrivne på nynorsk. Legg ved kontaktinformasjon. Spørsmål kan rettast til forlagssjef Margit Walsøe (m.walsole@samlaget.no) eller forlagsredaktør David Aasen (d.aasen@samlaget.no).

Juryen består av representantar frå Nasjonalt Garborgsenter og Det Norske Samlaget.



garborg.no

Det Norske Samlaget JÆRMUSEET

Bli med i Fagforbundet!

Fagforbundet er det største forbundet i LO, med rundt 290 000 medlemmer. Arbeidstakarar i kommunale, fylkeskommunale og private verksemdar kan bli medlem i Fagforbundet. Di fleire vi er, di større gjennomslag vil vi ha for rettferdig løn og trygg og god behandling på arbeidsplassen.

Fagforbundet bidreg til å skape offentlege tenester og arbeidsplassar med god kvalitet. Det må vere samsvar mellom det menneska har behov for, og det tilbodet dei får. Berre ein velfungerande offentlig sektor kan gi alle innbyggjarane ein trygg kvardag og lik rett til velferdstenestene.



www.fagforbundet.no Servicetorget: 815 00 040
E-post: servicetorget@fagforbundet.no

Variert landsting

- Det er tre ulike tema på landstinget i år, men sjølv om dei kan sjå ulike ut, heng dei saman. Alt handlar om å skape vilje til å bu i ein kommune, seier Vidar Høviskeland, dagleg leiar i LNK.

JUDITH SØRHHUS LITLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

27. til 29. mai skal landstinget til LNK fokusere på omdømmebygging, arbeidsinnvandring og vern kontra vekst i lokalsamfunnet.

- Første dagen skal handle om omdømmebygging, og det seier seg mest sjølv kvifor dette er så viktig for alle kommunar. Me er svært glade for at kommunalministeren vil kome til oss og fortelje om satsingane som departementet legg opp til når det gjeld omdømmebygging i kommunane. Elles vil me gi mange døme på korleis kommunane faktisk arbeider med dette i kvardagen.

Landstinget 2009

Telemarksforskning

- Kommunar må våge å vere annleis

- Språk er viktig for å skape omdømme. Det er viktig å våge å skilje seg ut, seier fagkoordinator Solveig Svardal i Telemarksforskning.

JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no



Fagkoordinator Solveig Svardal i Telemarksforskning meiner kommunane bør dyrke språket og særprege dialektar for å skapa eit omdømme (Foto:Telemarksforskning).

Etter hennar mening må kommunen spørje seg sjølv kva dei har som er spesielt, og bygge vidare på det fundamentet som er det grunnleggjande og ekte i kommunen og regionen. Elles kan ofte forsøket på å skape eit omdømme bli eit luftslott.

MÅ IKKJE KONSTRUERE VERDIAR

- Me har køyrt undersøkingar på kva folk assosierer med regionar som Telemark, Ryfylke og Setesdal. Mange meiner det er særprege dialektar og språk, ofte nynorsk, seier ho og legg vekt på at det er noko regionane bør dyrke for å skape eit omdømme. - Språk er identitet. Og omdømmebygging handlar

mykje om identitet, slår forskaren fast. Ho trur ein bevisst nynorsk profil kan vere med å skilje kommunen frå mange andre. - Ein må våge å vise at ein er annleis

og vågar å skilje seg ut. Det er viktig å ikkje konstruere opp verdiar. Dersom det er mangfaldet som er det spesielle med din kommune, skal ein ikkje vere redd for å fokusere på nettopp det. Det ekte og stadbundne kan ikkje konkurransesettast, seier Svardal.

VIL HA DET UNIKE

- Kva vil folk ha?

- Folk vil ha det unike, ekte og det som er spesielt nett for denne plassen. Det gjeld både dei som kjem som turistar og dei som kjem flyttande og kanskje vert verande. Det treng ikkje vere noko motsetnad mellom kva dei to gruppene ynskjer. Folk oppsøker stadar der kanskje ikkje alle andre har vore.

- Er det nokon du syns har fått det til?

- Eg meiner Ryfylke er på gang med noko interessant. Dei vågar å stå fram med både mangfald og variasjon. Samstundes må dei våge å trekke fram særpreget i regionen. Merkevarer Ryfylke er eit samarbeidsprosjekt mellom dei seks kommunane i Ryfylke IKS, Strand, Forsand, Hjelmeland, Finnøy, Suldal og Sauda.

Regionen har no fått ein felles logo og nettstad, www.ryfylke.no.

Landstinget 2009

I denne temadelen trekk me fram problemstillingar og saksområde som vert tema under LNK sitt landsting i slutten av mai. Under årets landsting står omdømmebygging, arbeidsinnvandring og samanhengen mellom vern og vekst i fokus. Aktuelle innleiarar under landstinget er til dømes kommunal – og regionalminister Magnhild Meltevit Kleppa, Stein Ringen frå University of Oxford, Jan Davidsen frå Fagforbundet, direktør i Språkrådet, Sylfest Lomheim og direktør i ABM – utvikling Gunnar Urtegård.

Landstinget 2009

Bygdelivsmeklar skal snu vinden

Emilie Asplin (31) er truleg landets einaste bygdelivsmeklar. Ho leiår prosjektet "Vi snur vinden" som skal få fleire til å oppdage Vest-Telemark.

JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

- Dette er eit pilotprosjekt i denne regionen, og truleg også på landsbasis. Målet er at fleire skal busette seg i Vest-Telemark, seier Asplin, og viser til kommunane som står bak prosjektet: Fyresdal, Hjartdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tokke og Vinje. Ho meiner god omdømmebygging er avgjerande for å få resultat.

10 NYE FAMILIAR

- Dersom ikkje omdømmet til regionen er godt, er det nesten ikkje vits i å drive med dette. Og kvar enkelt innbyggjar må ha ein ambasadørrolle og fortelje korleis dei har det. Drammen har klart å snu eit dårleg omdømme til noko positivt. Prosjektet "Vi snur vinden" starta opp i 2007 og skal gå fram til og med neste år. Til no har om lag 10 familiar flytta til regionen som ei følge av dette, samstundes som det er om lag 80 interesserte familiar i porteføljen. Om lag halvparten av



Bygdemeklar Emilie Asplin (31) er sjølv innflyttar til Vest – Telemark. No skal ho få andre til å oppdage regionen. (Foto: Arild Hansen)

desse er ute etter eit lite småbruk. - Ein av dei største utfordringane med dette arbeidet er å frigjere småbruk. Over halvparten av dei som tek kontakt med meg er interessert i eit småbruk. Eg har stor respekt for at det kan vere vanskeleg å kvitte seg med eit bruk, men her i regionen er det mange som står tome og berre forfell.

I 2002 vart det gjennomført ei småbruksundersøking i regionen som viste at det var om lag 700 bruk

utan fast busetnad. Då eigarane vart kontakta resulterte det i at litt over 100 av bruka vart selde.

INSPIRASJONSTREFF I OSLO

- Den andre store utfordringa er å skaffe jobb. Mange frå regionen har flytta vekk, teke utdanning, fått ein spanande jobb og så vil dei attende til heimkommunen. Men så finst det ikkje så spanande jobbar her. Me må skape arbeidsplassar, men ikkje minst må me

også synleggjere dei som finst, seier ho. Asplin trekkjer også fram oppretting av næringshagar som eit godt tiltak for å fremje næringslivet.

- Fyresdal har til dømes gode erfaringar med det. Terskelen for å flytte ei bedrift vert lågare når det er eit miljø der frå før, trur ho. Målet til prosjektet var opphavleg å få 50 familiar til å flytte til Vest-Telemark i løpet av dei tre åra. Det tvilar Emilie Asplin på at ein klarer.

- Det går jamt og trutt, men sakte. Men me er jo også på jakt etter dei som har tenkt grundig gjennom dette og som vil slå seg ned her. Og det tek ofte tid, meiner ho. Prosjektet har drive marknadsføring av regionen, idédugnad innad i regionen og samlingar for interesserte som ynskjer å flytte til regionen. Blant anna skal det vere eit nytt Vest-Telemark treff på Smuget i Oslo 7. mai i år. Asplin meiner trass i prosjektperioden at ein treng opp mot fem år før ein får ein markert effekt av arbeidet.

Møteplassen i Oslo

Skal du til Oslo, treff du kjentfolk på Bondeheimen og Kaffistova. Alle tilsette i LNK-kommunane (privat- og tenestereiser) bur på eigne, gode prisar heile året.


Enkeltrom 970,-
Dobbeltrum 1110,-

Gratis breiband, nyoppussa, bog komfort og standard, norsk tradisjonsmat og uformell atmosfære for alt slags folk! Nær Karl Johan og regjeringskvartalet og alt Oslo har å by på!

Best Western
Hotell Bondeheimen® & Kaffistova®



Rosenkrantz' gate 8, 0159 Oslo ~ Tlf: +47 23 21 41 00
bookingoffice@bondeheimen.com ~ www.bondeheimen.com



Ein god gjest gjer husbonden glad

Ivar Aasen
Norske Ordsprog, 1881

Verneområde med to sider

- Nasjonalparkane våre er viktige for kommunane si omdømmebygging. Men verneområda legg også hindringar i forhold til anna type aktivitet, meiner ordførar i Stryn kommune, Nils Petter Støyva (Ap).

JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

88 prosent av arealet i Stryn kommune er verna eller bandlagt. Blant anna Jostedalsbreen nasjonalpark, som med sine 1315 kvadratkilometer er den 4. største nasjonalparken i landet. Nasjonalparken vart oppretta i 1991 og utvida i 1998. Jostedalsbreen er ein stor platåbreen med mange brearmar og er den største breen på fastlandet i Europa. Nasjonalparken inneheld og mange andre mindre brear.

- Eg trur nasjonalparkane vert ein viktigare del av merkevarebygginga til kommunane framover. I mange område vil det bli eit kvalitetsstempel med ein nasjonalpark, seier Støyva, og viser til USA der mange nasjonalparkar



Ordførar i Stryn meiner nasjonalparkar vil bli eit kvalitetsstempel i mange område framover. (Foto: Stryn kommune)

etter kvart fungerer som magnetar for reiselivsbedriftene.

- Me er i dag ein stor reiselivskommune, og nasjonalparken er viktig for

oss. Samstundes ser me jo at vern og bandlegging av område gir avgrensingar. Blant anna var det fleire større planar for kraftutbygging i området på slutten av 1980 – talet og byrjinga av 90 – talet, men dei vart aldri realiserte. Eg har lenge vore ein talsmann for å mjuke opp verneregimet i forhold til nasjonalparkar for å få meir næringsaktivitet, meiner ordføraren. Stryn kommune har blant anna hatt ynskje om å både flytte grensene for nasjonalparken og få bygd ein gondolbane slik at folk lettare kan kome seg inn i nasjonalparken. Utan at dei har lukkast med det.

- Slik det er no, er parken eit turområde for dei spreke. For andre som ikkje er så spreke, er det verre å få brukt området. Men når me no har fått ein nasjonalpark er det viktig å akseptere den og bruke den som eit trekkplaster, slår Støyva fast.

Arbeidsinnvandringa aukar

Arbeidsinnvandringa aukar, om enn ikkje like mykje som tidlegare år. Det syner nye tal frå Utlendingsdirektoratet (UDI).

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

1. mars hadde 96 300 personar gyldig arbeidsløyve her i landet. Det er ein svak auke sidan årsskiftet, men likevel ein nedgang samanlikna med same periode i fjor. I løpet av januar og februar det blitt gitt 11 773 arbeidsløyve til utanlandske arbeidstakarar. Talet inneber både nye løyve og forlenging av eksisterande, melder UDI. Til samanlikning vart det gitt 14 511 løyve på same tid i 2008.

Ein analyse utført av NAV peiker på at Noreg vil halde fram med å vere eit attraktivt land å arbeide i for utlendingar, gitt at finanskrisa ikkje berører Noreg like mykje som andre land.

SPRÅKET

Språkoppplæring og husvære er den største utfordringa for arbeidsinnvandrarane og kommunane som skal ta i mot dei, seier ordførar Sonja Edvardsen (Ap) i Eid kommune.

Både i førstegongsopplæringa og i ein arbeidssituasjon er kommunikasjon og språk heilt sentralt, meiner Edvardsen. Eid kommune har fleire innvandrar tilsette i mellom anna barnehage og reinhald, men skulle gjerne hatt fleire. Då må ein gjennom ein søknadsprosess der utlendingane konkurrerer med andre som har språket inne, og det kan vere utfordrande å ha eit så ulikt utgangspunkt. Innvandrarane som kjem for å jobbe må tileigne seg språket og kulturen for å kunne gjere ein god jobb.

FELLES ANSVAR

Ordføraren er klar på at språkoppplæring er eit felles ansvar mellom sentrale styresmakter og kommunane. - Vi må få eit sterkare fokus på språkoppplæring og meier pengar til å gjennomføre den. Systematisk språkoppplæring må i gang med det same ein person har fått opphaldsløyve.

Også mangel på bustader er ein faktor kommunen opplever er med og set avgrensingar på kor mange innvandrarar ein kan få i arbeid.

Bustadmangel er ein bremsekloss vi må få bukt med. Skal kommunane klare å gjennomføre dei oppgåvene vi er sette til, treng vi innvandrarar, seier Sonja Edvardsen.

Trenden er den same som i fjor: Arbeidsinnvandringa aukar, og dei fleste arbeidsinnvandrarane er frå Polen og jobbar i bygg- og anleggsbransjen. (Foto: Flickr)



Fakta

Arbeidsløyve

Fem største nasjonalitetar	Antall
Polen	41045
Tyskland	12337
Litauen	9176
Storbritannia	4716
Romania	2484

Fem største næringer

Næring	Antall
Bygge-, anleggs- og relatert verksemd	22 467
Industriproduksjon	16 000
Formidling og utleige av arbeidskraft	13 258
Samferdsle-, handels-, hotell- og restaurantverksemd	12 955
Jordbruk og fiske m/oppdrett	4 746

Kjelde: UDI

Gir overskot til barnehagar og skular

Odda mållag gav i 2008 pengegaver på vel 30 000 kroner til barnehagar og skular i Odda kommune for innkjøp av nynorsk litteratur.

Det er overskot av den lokalhistoriske boka "Odda i manns minne" som har gitt laget det solide overskotet som kjem unge i kommunen til gode.

Dei siste fire åra har boka kome ut kvart år, ifølgje leiar i Odda Mållag Harry Birger Solberg, som og er redaktør for boka.

Styret i Odda Mållag skal på komande styremøte avgjera kor mykje dei vil gjere i støtte til Odda ungdomsskule. Til nå er det Odda barneskole, Røldal og Skare skular, og dei store og dei små barnehagane i kommunen som har nytt godt av pengegava.

SITATET:

«Det er etter hvert blitt mange gode grunner til å legge om ordningen med pressestøtte i Norge. Nynorskdiskrimineringen er likevel en av de bedre».

MTG-direktør Tor Fuglevik om pressestøtta, frå eit lesarbrief i Dagens Næringsliv.

Stamvegstatus bra for Diktarvegen



Når rv13 no får stamvegstatus, er det med og gir eit løft til Diktarvegen, seier leiar i styringsgruppa til Diktarvegen, Arne Kleppa.

I Nasjonal Transportplan 2010 - 2019 som vart lagt fram 13. mars har riksveg 13 fått stamvegstatus.

Eg har tru på at stamvegstatus for rv13 er ein sterkare garanti for at vege får meir pengar, og meir pengar gir betre vegar, noko som igjen fører til at vege vil bli meir brukt, seier Kleppa.

At ein veg blir klassifisert som stamveg tyder at den skal få same standard som ein riksveg, det vil seie at den mellom anna skal vere brei nok til å ha gul stripe i midten. Ein samanhengande rv13-streng med lik standard heile

vegen er eit godt utgangspunkt, meiner leiaren for styringsgruppa.

Mykje står att, mellom anna på finansieringssida, før prosjektet Diktarvegen kan realiserast, men dette var eit puff i riktig retning.



Diktarvegen får skrivehytte

I samband med Rasmus Løland sin fødselsdag opnar ei ny skrivehytte på Lindum i Suldal. Norske forfattarar kan søke om å få bu gratis i hytta nokre månader i året.

I periodar kor det er gjester i hovudhuset kan forfattaren også få ete gratis, fortel initiativtakarane Annfrid Halsne og Kristin Høyvik ved Lakselottet Lindum. Skrivehytta vil vere tilgjengeleg mellom Rasmus Lølands fødselsdag 24. mai og dødsdagen hans 12. oktober.

Hytta er sett opp på 60-talet og det gjenstår enno litt fikking før hytta er heilt klar.

Vi håper at denne hytta vil vere med og gjere både Diktarvegen og Lølandssatsinga enno meir synleg, seier Halsne og Høyvik.



Lakselottet Lindum er eit historisk hus der atmosfære og god mat dannar ramma rundt moderne fasilitetar for kurs og konferansar.

Du finn oss i Suldal, hjarta i Ryfylke, om lag to timar reiseveg frå Haugesund, Kinsarvik, Seljord, Stavanger eller Stord.

www.lakselottet.no

+47 52 79 91 61

Lakselottet Lindum

Me gjev rabatt til medlemmer av LNK



Hotell Bondeheimen



FAGFORBUNDET



KBN Kommunalbanken Norge



SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

Sunnhordland Avis- og trykkesproduksjon

PORTRETTE



(Foto: Bent Arne Jacobsen)

- Eg skulle ynskt fleire i næringslivet i Sogn og Fjordane hadde eit meir bevisst forhold til å marknadsføre seg på nynorsk.

Finne grunntonen i kulturen

Ho ser på seg sjølv som del av 68 – generasjonen og tek distriktspolitikken på alvor. Fylkesdirektør for kultur i Sogn og Fjordane, Ingebjørg Erikstad (55), finn ennå inspirasjon i den grønne bølga frå 70 – talet.

JUDITH SØRHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

- Ideologi er viktig. Den er ein viktig del av livet og er med på å forme deg som menneske, seier Ingebjørg.

Bak seg har den tidlegare senterpartipolitikaren og no fylkesdirektøren mange år med engasjert organisasjonsliv, kampsaker og ei klokkeklar tru på at kulturen kan brukast som ein reiskap. Både for å styrke næringslivet og for å drive opplæring og bygge ein arena der folk kan møtast. I oppveksten var det naturleg å engasjere seg i organisasjonar, det var det det var eit tilbod for dei unge. Etter kvart speglar engasjementet meir ei samfunnsinteresse og ein kamp for ideologi og enkeltsaker.

Sjølv har ho også i to periodar vore med å bygd bruer som dagleg leiar for Førde Internasjonale Folkemusikkfestival, første gang i 1993, og seinast i 1998.

- Det handlar om verda i Noreg. Å sjå på verda rundt oss som ein spanande ressurs for oss. Det er først ved å oppleve andre kulturar ein kan forstå sin eigen, seier ho, og viser til at kultur er ein god plattform for kommunikasjon. Grunntonen er lik, det er meir som bind oss saman enn som skil oss, meiner Ingebjørg, som sjølv er frå Jølster.

- **Kulturopplevingar rører både** ved dei som er utøvarar og dei som får oppleve dei. Sogn og Fjordane trur eg er litt atypisk i forhold til andre fylke ettersom dei tradisjonelle frivillige organisasjonane enno har eit godt fotfeste her. Dei gjer ein kjempeinnsats rundt om i heile fylket. Frivillig innsats knytt til enkeltarrangement er også stor. Begge deler er noko me i fylkeskommunen prøver å verdsetje, seier ho med ettertanke. Det er i stor grad denne frivillige innsatsen som gjer at me her i fylket kan smykke oss med den store variasjonen i, og tilbodet av spen-

nande kulturtilbod.

På landstinget til LNK i slutten av mai skal Ingebjørg snakke om Sogn og Fjordane si satsing på kultur som del av ein utviklingsstrategi. Det handlar om å bruke kulturen på fleire arenaer, om å sjå ressursane i nærmiljøet, og å utvikle dei unike opplevingane. Og det handlar om å ha eit langsiktig perspektiv på det ein gjer.

- Eit aktivt og variert kulturliv er viktig for næringslivet. For det første kan det vere næringer som vert utvikla ut frå kultur. Ressursane som ligg i kulturminna våre, i dei mange spennande bygningsmiljøa har stort potensiale for utvikling. På den andre sida kan kulturtilbodet vere avgjerande for om næringslivet klarer å rekruttere arbeidskraft. Folk har meir og meir fritid dei må fylle. Foreldre ser etter gode fritidsaktivitetar for borna, og opplevingstilbod for eigen del. Me blir meir attraktive dersom me klarer å utvikle eit variert kulturtilbod, seier ho og nemner Opera Nordfjord som eit godt døme på at det skjer spanande og utradisjonelle ting i regionen.

- Eg ser at me stadig får fleire robuste miljø og einingar innan kulturlivet.

At eit godt tilbod innan kultur, fritid og idrett er med å skape eit betre omdømme for fylket, er Ingebjørg sikker på.

- Eg trekkjer gjerne fram NM i skiskyting i Stryn i fjor. Det var eit suksessfullt arrangement med store krav til presisjon i gjennomføringa, som i hovudsak skjedd på dugnad. Dette er eit godt døme på korleis omdømme kan byggjast gjennom kultur- og idrettsarrangement ved å gi deltakarar og publikum, tilreisande og lokalbefolkninga positive opplevingar. Arrangørkompetansen i dette fylket er enorm, slår ho fast.

På 70 – talet handla den politiske kampen mykje om senter kontra periferien. Ingebjørg trekkjer fram den politiske visebølgga som sette ord på strøymingane i samfunnet som eit døme på det. Og distrikta er framleis ei kampsak for Ingebjørg.

- Ja, eg vil gjerne arbeide for at folk som bur rundt i landet også skal ha kvalitativt gode og varierte kulturtilbod. Og så må me bli flinkare til å sjå det unike i det nære, og korleis dette kan bidra til nyskaping.

I kampen for distrikta ligg også ein verdiarv som er verd å kjempe for. Då kong Harald vart 70

år reagerte journalist Anne Viken frå Bygstad på at Sogn og Fjordane sitt innslag under feiringa var eit brudefølge med kveding, bunad og felespel. Då heiste Ingebjørg Erikstad flagget og uttalte til Firda at ho ikkje oppfatta det å vise fram tradisjonskulturen i fylket som negativt.

- Me har ei rekkje tradisjonar som er viktige for oss å kjenne til. Samstundes er det viktig at me har eit ope sinn for det utfordrande, det nyskapande, det vi i utgangspunktet ikkje kjenner til. Og me har mange spanande nyskapingar som gir oss ein ståstad i dagens samfunn, seier ho no, eit par år etter at bunadsdebatten har roa seg.

- Fortida vår er med på å bygge ein god plattform, slår ho fast, og framhevar vidare det unike med kulturen i at tradisjon og nyskaping går hand i hand. Ungdom som veks opp i dag har like gjerne ein fot i begge leirar, og skjønner ikkje kva som er problemet med det.

Det finst stridstema i kulturpolitikken også. Ja, når me snakkar om kultur så snakkar me også om sterke krefter både i den enkelte og i samfunnet, seier Ingebjørg. Ein av dei sterkaste stridane i seinare tid var truleg kampen om korleis ein kunne utvikle Astrup – senteret i Jølster. Ein debatt som etter Ingebjørg si meining langt på veg var eit verdival. På den eine sida var Jølster kommune som gjerne ville bygge eit nytt senter for å synleggjere kunstnaren og kunsten betre. Administrativt gjekk fylkeskommunen imot dette og meinte konsekvensane av eit nybygg ville bli for store, ikkje minst for kulturlandskapet.

- Me ville gjerne at kunstnaren skulle opplevast i sitt tilnærma opphavlege miljø, seier Ingebjørg, og nikkar.

- Kva forhold har du til nynorsk?

- Nynorsk er mitt språk og vil alltid vere det. Det er det eg kan. Eg ser på nynorsk som eit fullverdig språk for alle samfunnsområde.

Ho meiner det er naivt og sneversynt av riksaviser å nekte nynorsk journalistikk og meiner nynorsken si framtid er avhengig av at dei som bruker språket er gode ambassadørar.

- Men eg skulle ynskt fleire i næringslivet i Sogn og Fjordane hadde eit meir bevisst forhold til å marknadsføre seg på nynorsk. Eg trur mange kunne markert seg positivt dersom dei hadde gjort det, meiner ho.

Sjølvmelding

Namn: Ingebjørg Erikstad

Alder: 55

Bur: Førde

Aktuell: Er fylkesdirektør for kultur i Sogn og Fjordane. På LNK

sitt landsting i mai skal ho fortelje om fylket si satsing på kultur som utviklingsstrategi.

Sivilstatus: Deler hus med katten Pussi

Les: Mest aviser, fagstoff og

saksdokument. Slappar av med krimlitteratur.

Førebilete: Dei som stiller opp for dei svakaste i samfunnet.

Mange mål å nå...



Måla er mange i den kommunale kvardagen.

Nokon er lette å nå – andre vanskelege.

Ny skule, betre vassforsyning, eller eit nytt kulturhus?

Kommunekreditt har i femten år arbeidd for at kommunenoreg skal få meir ut av midlane sine.

Beddingen 8, 7410 Trondheim
(Avdelingskontor Oslo: Dronnings Maudsgt. 15, 0250 Oslo)

Telefon: 73 80 95 80, Faks: 73 80 95 81

e-post: post@kommunekreditt.no www.kommunekreditt.no

Vil ha meir meir nynorsk i Utdanning



- Utdanning bør koma ut på nynorsk dei neste fire åra seier leiar i Bergen mållag Astrid Olsen.

ASTRID EIDHAMMER HJELMELAND
astrid@norsk-plan.no

Olsen, som er historikar og lærar understrekar at ho er seriøs i sitt forslag, og meiner det har med signaleffekten å gjera.

- Eg kjenner til fleire lærarar som skriv bokmål på tavla, sjølv om dei underviser på ein nynorsk skule, seier ho. Dette gjev elevane inntrykk av at det ikkje er så nøye med språket deira. Mange er nok ikkje medvitne på det og gjer det ikkje av vond vilje, held ho fram. Det er mange lærarar som slit sjølv om dei legg godviljen til. Men både lærarar og elevar møter bokmål i dei fleste medium i dag.

- Ein må lesa nynorsk for å halda språket ved like og for å læra nynorsk, understrekar Olsen. For lærarar som får fagbladet Utdanning i posten gjev det ei viss signaleffekt om at formidling og bruk av nynorsk ikkje er så viktig når mesteparten av det redaksjonelle innhaldet er på bokmål, avsluttar ho.

BEST BLANT SINE

- Me er ikkje nøgde med prosentdelen av nynorsk i bladet medgjer ansvarleg redaktør i Utdanningsforbundet sitt fagblad Utdanning, Knut Hovland. Samstundes understrekar han at Utdanning er eit av dei fagblada i landet som har høgst nynorskprosent, sjølv om han per dags dato ikkje sit på konkrete tal.

- Når det er mykje nynorsk høyrer me ingenting, seier Hovland og etterlyser meir tilbakemeldingar når det er mange nynorske artiklar.

- Av dei seks til sju skrivande journalistane våre, er det ein fast journalist



Leiar i Bergen Mållag, Astrid Olsen meiner det ville gje ein god signaleffekt om Utdanningsforbundet sitt fagblad Utdanning kom ut på nynorsk dei neste fire åra. (Foto: Astrid Eidhammer Hjelmeland)

som skriv nynorsk, fortel Hovland. I tillegg er det ein deskjournalist som skriv nynorsk. Redaktøren oppmodar og dei av frilansarane som beherskar nynorsk om å skriva dette. - Me har ei målsetjing om å ha nynorske artiklar i kvart blad, seier han.

TEL IKKJE ARTIKLAR

Det ville vore naturleg at ein organisasjon og eit fagblad som representerer lærarar ville ha ei rimeleg fordeling av begge språk. Leiar i lærarmållaget, Ingar Arnøy, meiner laget kan oppmoda til meir bruk av nynorsk, men meiner dette ikkje er den øvste prioriterte saka til lærarmållaget.

- Det er redaktøren som avgjer den redaksjonelle språkforma, seier Arnøy. Vi tel ikkje artiklar i bladet Utdanning og på nettstaden utdanningsnytt.no, men syns det er flott at det blir skrivne

nynorsk, og vi vil oppmoda dei til å halda fram med det.

Arnøy kjenner til at det er blitt sendt brev til fagbladet Utdanning med oppmoding om meir nynorsk frå lærarorganisasjonar.

- Det er svært bra at det er lærarorganisasjonar som engasjerer seg og gjer dette, seier Arnøy. For lærarmållaget er språket til forbundet og bladet Utdanning eit svært lite problem i følge lærarmållagsleiaren.

- Men det hadde ikkje skada med meir, men for lærarmållaget er det språkoppføringa i skulen som er primær oppgåva, avsluttar han.

ABC Startside
- Ver nynorsk på nett

Din naturlege start på internett

www.startside.no

Forventar meir nynorsk

Leiar i Mediemållaget Berit Rekve forventar at Utdanning merkar seg ut som særleg gode når det gjeld stoff på nynorsk

ASTRID EIDHAMMER HJELMELAND
astrid@norsk-plan.no

Mediemållagsleiaren har gått gjennom dei to siste utgåvene og eit par frå jul.

- Sjølv om det er ein eller to redaksjonelle artiklar på nynorsk, er ikkje dette nok til at dei kan seia seg nøgde. I tillegg til at mange av lesarane har nynorsk som hovudmål, er det like

viktig at alle andre møter stoff om utdanningsfeltet på nynorsk. Dessutan meiner eg at alle lærarar skal ta ansvar for språket i skulen.

Rekve meiner det er særleg viktig at fagpressa gjev nynorsken ein plass. Særleg med tanke på fagspråk og mangfald i tema som lesarar kan få presenterte på nynorsk.

- Utan at eg har detaljert oversyn, kan eg nok seia at det generelt er altfor lite nynorsk på redaksjonell plass, seier Berit Rekve.

- Vi er jo opptekne av at nynorsken skal ein plass i alle slags medium, men i fagpressa vert det særleg viktig og med tanke på fagspråk og mangfald i tema som lesarar kan få presenterte på nynorsk.

Rekve meiner det som elles er særleg særleg leitt for dei som har nynorsk som hovudmål er at Utdanning og andre fagblad vel å ha det meste av det redaksjonelle innhaldet på bokmål.

- Dei møter i for liten grad stoffet dei er interesserte i på målforma si. Det same gjeld jo media generelt og i organisasjonspressa. Vi skal sjå om vi i tida frametter kan løfta fram nynorsken og fagpressa i lag med dei andre medieområda vi arbeider med, avsluttar ho.

Mot nye mål

11.500* unike brukarar
169.000* sidevisingar i veka
Oppdatert kvar dag



24.000** lesarar
måndag tysdag onsdag
torsdag fredag

= større dekning

Sunnhordland

* I snitt pr. veka ** Gallup 1/2007

... situasjon at for å
nye ting, im
no. Dette sk
e, komment
spisspoorten
Han pekar
ske analyse
tar at presse
te teneste
resteringer
n torer til
amt, og pro
Sveio kom
ert mykje. I
skuleg å
ester eller
anfor dei ramme
er tildekk
en verkj and
rapporten
n rapporten
grunn til ut
for halda fram
t sett i gang
nen og følg
erlegge til
Melom det
y til, er ein total
alle teneste
på å få fram
sial. I dette
ti, retta, sa
ingar som
norskprava
vill og kart
på einpar
ika omslitt
å sjå til at d
rdning av le
ysing av dese
ene delegasjon
å gjennomgå
del for til
sar til skul
beidat med
administrativ
på å frigi
åla fram.
Det gje
qinta av det
et spjølva
nslippet er
sin
resultat
innen er kom
g, men den
kroy emne
oplin.
Fala for fø
ertorbuk på
llionar kroner. Ra
barnelaga
ik på 3,1
ma opp 13,7
e gjest kom
område, best
er overforbruk
og vil kunna kon
som det
dringar. På
ntennikoma
sve har de
reskoyta - H
i Fjoldroyt
04, men er
no ikkje
ss, kommun
llon, anna
000 kroner
saka har vore
mmunen etter
vart vurdert
met. Eigare
vedtaket,
ide difor sak
innen i vint
månader
me jekk til
me saka er
i klagenst
sjølv kan avv
u dette med div

Fjell



Ventar på ny bru

Folkevekst, trafikkvekst og eit mylder av små og store næringsverksemdar. Ei ny Sotrabrau er det Fjell-ordførar Lars Lie ønskjer seg mest av alt no.

INGRID HILLESTAD

Sidan Sotrabrau opna i 1972 har vi vakse jamt og trutt. Vi er mellom dei kommunane i landet som har vakse raskast, fortel ein oppglødd ordførar Lars Lie i Fjell kommune vest for Bergen.

No bur det rundt 22.000 menneske i kommunen. Då brua kom var dei berre 6000.

NY BRU

Med auken i folketalet, har det også komme mange nye bilar i Fjell. Eit hett tema i øysamfunnet den sista tida har vore bygginga av ny Sotrabrau. Kapasiteten er sprengt på den brua som er no. Trafikken går jamt og tett mellom Sotra og naboen Bergen, særleg i rushtida.

Det einaste som kan stoppe oss er at trafikken stoppar opp. Det er stor belastning på brua no. 26000 køyrety passerer kvart døgn. Det er like stor trafikk i Sotrasambandet som det er mellom Drammen og Holmestrand, seier ordføraren.

Politikarane i Fjell har den siste tida vore spente på regjeringa sitt framlegg av Norsk Transportplan. Kommunepolitikarane har gjort førebels vedtak om ei firefelts bruløysing litt sør for den brua som eksisterer no. Politikarane i Fjell er ikkje heilt samkyrde med politikarane i Bergen, der ein del vurderer tunnel under fjorden.

SATSAR KOLLEKTIVT

- Vi meiner det ikkje er noko alternativ med tunneløysing. Det ligg dårleg til rette for tunnel i denne fjorden, på grunn av misforhold mellom djupne og distanse. I tunnelen blir vi nøyde til å køyre to kilometer lenger, samstundes som vi vil få ei svært bratt ned- og oppstiging, meiner Lie.

På ei firefeltsbru ser ordføraren potensiale for å utvikle kollektivtransport, med egne felt for buss. Bussambandet mellom Straume, som er sentrum i Fjell, og Bergen er i dag effektivt og velutvikla. Det kan likevel alltid bli betre. Politikarane i Fjell ser også for seg at eige kollektivfelt over brua vil kunne opne for at Sotra kan bli ein del av bybanen, som er under bygging i Bergen i desse dagar.

EIN UNG KOMMUNE

Det er særleg unge familiar med små born som blir freista til å slå seg ned i Fjell. Full barnehagedekning, satsing på helsetenester, god tilgang på bustadtomter og bustadprisar som held seg under nivået i Bergen, er mellom



Lars Lie er ein næringsvenleg ordførar. Han må likevel balde ein viss kontroll med dei som vil tene pengar i kommunen. (Foto: Ingrid Hillestad)

det som lokkar. Med berre 15 minutt i bil til Bergen sentrum, byrjar Fjell å likne ein bydel til Bergen

- Vi har blitt ein veldig ung kommune. 30 prosent av innbyggjarane våre er under 20 år, forklarar Lie.

Ei utfordring for Fjell er å få dei unge som ikkje har born til å bli i kommunen. Eller å få dei vaksne til å bli i kommunen etter at ungene har flytta ut. På Straume finst eit mylder med butikkar, med Sartor senter som juvelen i krona. Likevel manglar det noko når det gjeld estetikk og kulturtilbod. Ordføraren forsikrar at det ligg planar føre, både med tanke på å utvikle rekreasjonsområde og bustader i sentrum. Politikarane ønskjer seg eit sentrum der folk blir verande også utover opningstidene til butikkane. Det er berre pengane det står på, og med ei finanskrisa tett på kroppen, kan det ta litt lenger tid enn politikarane hadde tenkt for Straume blir ein trivelegare plass å vere.

NÆRINGS- LIV I VEKST

- Vi har fått utvikla eit godt næringsliv i kommunen. På Straume sør har vi fått ein flott industriplass, held Lie fram.

Fjell husar gründarar innan mekanisk industri, olje, gass og stål.

- Med CCB-basen og næringsverksemda på Straume sør har vi fått ein større heilskap, med ein meir rein dyrka sektor retta mot olje- og gassverksemda. Noko av spissen innan norsk undervasssteknologi har vi her i Fjell, skryt ordføraren.

Han legg ikkje skjul på at tilrettelegging for næringsverksemd er eit viktig politisk område for han.

- Vi har mellom anna fjerna eigedomsskatten på verk og bruk, held ordføraren fram.

Også innan områda helse og oppvekst er ordføraren opptatt av næringsutvikling. Han meiner ein balanse mellom privat og offentleg verksemd gjev den beste dynamikken.

Barnehagesektoren er synleg bevis på denne satsinga:

- Som Høgre-politikar set eg like stor pris på private som offentlege barnehagar. Her er meir enn halvparten av barnehagane private, noko som har vore med på å løyse krisa med barnehagedekning. Det er samstundes viktig å halde oppe det offentlege barnehagetilbodet, for at dei private skal ha ein mal å strekke seg etter, meiner Lie.

Sjølv ein næringsvenleg ordførar kan ikkje utan vidare gje frie tøyler til dei som berre vil tene pengar.

ABC Startside
- Ver nynorsk på nett

Din naturlege start på internett
www.startside.no

Fjell



Vil skape nye historier av gamle

Livet på eit vestlandsk småbruk, mat- og handverkstradisjonar, samt spennande krigshistorie er mellom det Fjell kommune vil formidle frå Gjerdet gard. Kunstnarar er med og formar prosjektet.

INGRID HILLESTAD

Gjerdet gard, som ligg sentralt på Fjell, blei kjøpt av kommunen då siste eigar, ei eldre einsleg kvinne, døydde for få år sidan. Familien hennar ønskte å bruke garden til offentlege føremål. No er omregulering og restaurering av eigedommen på gang. Kulturprosjektet "Perler i Nordsjølyppa" står bak.

Russiske fangar

- Kva er så interessant med Gjerdet gard?

- Garden har ei interessant historie på grunn av staden han ligg på, midt i den såkalla "russarstegen". Fangar frå Russland hadde arbeidsveg gjennom gardstunet og vidare opp til Fjell festning under 2. verdskrig, fortel prosjektleiar Grethe Bergsvik.

Fjell Festning var tyskarane sitt største festningsanlegg i Nord-Europa under krigen. Gjennom Gjerdet gard og festningsverket som ligg like ved, vil kommunen fortelje historier og vise fram kulturminne både til fastbuande og turistar. Området rundt garden og festningen er også eit attraktivt tur- og rekreasjonsområde.



Grethe Bergsvik leier prosjektgruppa som vil skape nytt liv på Gjerdet gard. (Foto: Ingrid Hillestad)

TYPISK VESTLANDSGARD

Bergsvik fortel vidare at Gjerdet gard er ein god representant for eit tradisjonelt vestlandsbruk. Her hadde dei kyr, gris, sau og høns. Dyrehald, jordbruk og fiske var alle næringar på garden. Frå neste år skal garden etter planen stå ferdig som turist- og museumsanlegg. Prosjektgruppa har allereie starta samarbeid med "Strilalam", som er namnet på ei samanslutning av sju kjøtprodusentar i kommunen.

- Kva vil folk kunne oppleve når dei kjem til Gjerdet gard og Fjell festning?

- Dei vil få komme på garden og sjå seg rundt i husa, som vil romme autentiske gjenstandar og vere innreidd i

tidstypiske stilar. Vidare kan dei kjøpe mat i kafeen, eller kjøpe med seg nistepakke til ein tur i Nordsjølyppa og til festningen. I nistepakka ønskjer vi at det skal følgje med noko ekstra, gjerne ei lita historie. Langs Nordsjølyppa vil folk også kunne lese på små opplysingsskilt, freistar Bergsvik.

TRADISJONSMAT PÅ MENYEN

På garden hadde dei i vinter besøk av ein sjuandeklasse.

- Dei blei inviterte inn i gardshuset, der vi fortalde om huset og om russarane som kom. På festningen fekk dei mat og kakao, og dei fekk oppleve ei førestilling om lagnaden

"Perler i Nordsjølyppa"


- Samarbeidsprosjekt mellom nabokommunane Fjell, Sund og Øygarden.
- Har som føremål å løfte fram og tenkje nytt rundt bruken av kulturminne.
- Prosjektet kom i stand i 2007 og er støtta av Riksantikvaren.

til ein russarfange. Eg trur dette gav dei ei ettertenksam oppleving, og det er noko av dette eg trur plassen vil kunne gje: ei kjensle av historisk sus. Folk skal få oppleve det som har vore. Krigen sette ekstra spor her i Fjell, fortel Bergsvik.

Går finansiering og restaurering etter planen, vil Gjerdet gard kunne opne dørene i 2010. På menyen vil det truleg stå både lammesteik, rullepølse, fenalar og nubbesild. Kan hende vil det bli dyrka ein urtehage og seld egg frå frittgåande høns utanfor.

Vi har mange idear og her er stort potensiale, vi kjem nok ikkje i gang med alt med ein gong, sluttar prosjektleiar.

Fjell kommunes



- Øykommune vest for Bergen.
- Omtrent 22.000 innbyggjarar
- Veksande folketal og næringsliv.
- Arealet på 147 km² er fordelt på nordre delen av Sotra, Bildøyna, Litesotra og meir enn 500 store og små øyar, holmar og skjær

På grunn av trafikkvekst treng kommunen ny bru til Bergen. Regjeringa bevilga 13. mars 400 millionar kroner til nytt Sotrasamband, som truleg vil stå ferdig i 2016. Sambandet fekk samstundes stamvegstatus.

Ordførar: Lars Lie (H)

Kommunestyret har 45 medlemmer, fordelt slik:

Høgre.....	7
FrP.....	15
Ap.....	9
Venstre.....	1
Sotralista.....	6
KrF.....	5
SV.....	1
Sp.....	1

Les meir her: www.fjell.kommune.no

Fjell



Har medvind i motgangstider



Åge Landro, leiar i Field Operations, trur avdelinga hans kan tene på nedgangstidene. (Foto: Ingrid Hillestad)

Frå hovudbasen på Straume i Fjell har verksemda AGR kontakt med oljefelt i heile verda. Åge Landro, den eine av leiarane i verksemda, lèt seg ikkje stoppe av finansiell motgang.

INGRID HILLESTAD

Sidan starten i 1987 har AGR vakse jamt, trass i at økonomien i verksemda har gått både opp og ned. I dag har konsernet totalt 1700 tilsette. 400 av desse held til på hovudbasen på Straume. Åge Landro, leiar for AGR Field Operations, ser lyst på framtida, trass i negative tal på børsen i fjor. Avdelinga hans er ein spesialisert del av konsernet, med ansvar for styring, vedlikehald, service og drift av oljefelt.

- Avdelinga vår hadde eit resultat på 90 millionar kroner før avskrivning og skatt. Dette er det beste nokon sinne. AGR-verksemda totalt fekk likevel eit negativt resultat på 306 millionar kroner i fjor, noko som i stor grad heng saman med nedskrivning av verdjar i selskapet, forklarar den unge leiaren.

SATSAR I MEXICOGOLFEN

Landro er sjølv oppvaksn i Fjell og glad for å ha funne ein attraktiv og utfordrande jobb i heimkommunen. Ingeniøren har gått gradene frå produksjon til administrasjon. I desse dagar er det oppbygginga av nytt avdelingskontor i Houston som tar mykje av tida og fokuset hans. Sotravksemda satsar i nedgangstider, og Mexicogolfen er ein av stadene der dei ser for seg vekst.

- Vi har langsiktigheit som fokus. Langsiktige kontraktar med store operatørar i botn gjev høve til vekst, foklarar Landro og kollega Gunnar Hilsen, som leier marknadsavdelinga til Field Operations.

STARTA PÅ ÅGOTNES

Med tette band til oljeindustrien er AGR ein god representant for store delar av næringslivet i Fjell. Fleire verksemdar i kommunen har utvikla service- og forsyningstenester retta mot olje- og gassverksemda i Nordsjøen. Kystbasen CCB og Ågotnes industriområde er nok dei mest kjende for folk utanfor Fjell. Det var også her AGR Services hadde sin spede start for vel 20 år sidan. Selskapet dreiv då

med avansert innvendig reingjering i tilknytning til CCB-basen.

CO2-FANGST

Innovasjon og utvikling er stikkord i AGR. Verksemda utviklar mellom anna teknologi innan fangst og lagring av CO2. Marknadssjefen meiner verksemda lukkast i å vere annleis. Dette er også ein del av målet og filosofien til AGR. I dei finansielle krisetidene som rår no, merkar dei tilsette i verksemda her som andre stader at det er færre prosjekt ute i markanden. Samstundes ser divisjonen Field Operations ut til å kunne tene på nedgangstidene, ved at dei opplever auka fokus på drift og vedlikehald, noko som gir større etterspurnad etter tenestene deira.

FLEKSIBLE POLITIKARAR

Dei siste åra har verksemda utvida basen på Straume. Dette har gått føre seg i fleire byggetrinn. Politikarane har vist velvilje.

Vi har fått mykje positiv hjelp frå kommunen. Politikarane i kommunen har vore positive til at vi skal utvikle oss. Dei møter oss med fleksibilitet, noko som er viktig. Dei gjer også ein god jobb ved å knyte saman studentmiljø og næringsliv, meiner Landro.

Gjennom den tverrkommunale næringsverksemda Gode Sirklar, som er eit samarbeid mellom Fjell, Sund og Øygarden, opplever AGR også oppmuntring og støtte frå kommunalt hald.

AGR Group:

- Konsern med hovudbase på Straume i Fjell.
- Organisert i tre forretningsområde: Petroleum Services, Drilling Services og Field Operations
- 80 % av AGR er eigd av fondet Altor Private Equity Partner
- AGR blei børsnotert sommaren 2006

Her finn du inspirerande kultursaker, omtalar av bøker for barn, inspirasjon til song- og forteljestunder

Pirion er ei kulturavis for barnehagar og småskular som kjem ut åtte gonger i året. Vil du tinge Pirion til barnehagen din? Ønskjer du informasjon om Pirionkurs? Send oss ein e-post: pirion@norsk-plan.no



Kva kultur er det me ønskjer at barna våre skal lære?

Vi har fått ny nettside!

www.pirion.no



Emma Evidia (frå venstre), Unni, Svein Ove og Ada Leonora har gjort som fleire andre familiar: flytta frå Bergen til Fjell. Her trivst dei. (Foto: Ingrid Hillestad)

Fekk barnehageplass i Fjell

Då Unni Rygg og Svein Ove Urnes blei leie av å stå i barnehagekø og tape bodrundar i Bergen, flytta dei til Fjell.

INGRID HILLESTAD

Her fekk dei ikkje berre plass til vesle Emma Evidia i barnehagen, dei fekk også råd til ein bustad. I Bergen såg dei på mange dyre leilegheiter, før dei valde å reise over brua.

- Vi kjenner oss privilegerte som kunne kjøpe hus. Her har vi utviklingspotensial. Det hadde vore mykje mindre realistisk å få råd til dette i Bergen, seier Unni.

KORT VEG TIL BYEN

Oppussing, vedlikehald og hagearbeid, alt som følgjer med for huseigarane, tar dei med eit smil. Med eigedom i Knarrevik like over Sotrabrua, i eit felt med opphavelge arbeidarbustader, har dei heller ikkje lang veg til Bergen sentrum. Men familien finn stort sett det dei treng i butikksenteret på Straume, eit par kilometer frå der dei bur. Byturar er ikkje det den travle småbarnsfamilien tenkjer mest på no.

TRENG MØTEPLASSAR

- Det å få barnehageplass blei etterkvart viktig for oss. Det fanst ikkje plass i byen og vi visste ikkje kva vi skulle gjere, framhevar Unni.

Det einaste dei kjenner sakt etter i Fjell, er trivelege plassar der folk kan møtast. I Bergen var dei aldri langt unna ein hyggeleg kafé eller eit arrangement. Småbarnsmora er samd med Fjell-politikarane i at butikkane har fått vekse vel fritt på Straume.

- Det må finnast andre ting enn berre butikkar for å få folk til å bli på ein stad. Vi treng fleire møteplassar her i Fjell, held Unni fram, medan Svein Ove er opptatt med å få jentene i seng.

SPENTE PÅ NY BRU

Med jobb i Fjell kommune har Unni kort arbeidsveg. Svein Ove har halde på ingeniørjobben i Bergen og pendlar difor kvar dag. I den nyetablerte familien knyter det seg spanning til planane om ny Sotrabrua. Eit alternativ har vore å bygge ny bru endå tettare inn til bustadfeltet deira, noko dei ser med gru på. Heldigvis ser det ut for at styresmaktene no går for andre alternativ. Familien har blitt flittige lesarar av lokalavisa, for å følgje med på både bruplanar og andre ting som rører seg i den raskt veksande øykommunen dei har blitt del av.



Kommunekreditt har vore støttespelar for Opera Nordfjord i ti år.

Det er mange mål....

Nokon er lette å nå - andre vanskelege. Ny skule, betre vassforsyning eller kanskje eit nytt operahus. Kommunekreditt gjer sitt for at midlane skal strekke litt lenger når dei folkevalde skal prioritera sine investeringar.

KOMMUNE
KREDITT

NORGE

Beddingen 8, 7410 Trondheim
(Avdelingskontor Oslo: Dronnings Maudsgt. 15, 0250 Oslo)
Telefon: 73 80 95 80, Faks: 73 80 95 81
e-post: post@kommunekreditt.no www.kommunekreditt.no

Samproduksjon gjev teater til fleire

Eit teatersamarbeid mellom teaterinstitusjonar på Vestlandet gjer aktuelle teaterproduksjonar tilgjengeleg for fleire.

ASTRID EIDHAMMER HJELMELAND
astrid@norsk-plan.no

- Me ønskjer å få spreidd framsyningane våre til flest mogleg, seier teatersjef ved regionteateret Sogn og Fjordane teater (SOFT), Terje Lyngstad.

- Ved å samarbeida om teaterproduksjonar med Den Nationale Scene og Hordaland Teater får me ned kostnadane på alle teatra, held han fram. Skulle regionteatra vore aleine med teaterproduksjonen og stått for kostnadene for hotell, teknikk, diett og reisekostnader ville det blitt dyre billetter.

Trass i finansiering frå stat og kommune, er kostnadane ved å turnera og spela teater for skulane i fylket gratis,

som dei er pålagde å gjera, ei dyr affære for regionteatra. Dersom ikkje Den kulturelle skulesekken (DKS) i fylket kjøper produksjonen for turnering til skulane, vert kostnaden stor. Store fylke med få innbyggjarar som bur spreidd avgrensar talet på publikum. Sogn og Fjordane fylke har rundt 100.000 innbyggjarar, og det blir fort kostbart og krevjande dersom SOFT aleine skal stå for kostnadane ved å turnera rundt i fylket med teaterproduksjonar. Hordaland fylke har til samanlikning rundt 350.000 innbyggjarar.

POSITIVT MED SAMARBEID

- Det er positivt at eit og same stykke kjem ut og når fleire folk både i Hordaland og Sogn Fjordane, seier informasjonssjef og pressekontakt ved DNS Ole Klemsdal. Me starta samarbeidet med SOFT allereie i 2006, med produksjonen Ras.

I 2008 kom Hordaland Teater med i samarbeidet. - Eit slikt samarbeid

mellom tre institusjonar kan bringa med seg utfordringar, seier han. Men det som er positivt er at ein får tilført noko nytt, i tillegg til at ein når ut til eit til eit større publikum som gjer at fleire får glede av produksjonen.

UNG MÅLGRUPPE

SOFT, Hordaland Teater og Den Nationale Scene (DNS) i Bergen har samarbeidd om to større produksjonar. I november i fjor hadde DNS urpremiere både på *Simons historie* og *Kulde*, begge med manus og regi av Stig Amdam. Framsyningane har turnert både i Hordaland og i Sogn og Fjordane.

- Framsyningane vender seg til eit ungt publikum og tek for seg moralske og etiske spørsmål for ungdom, seier Lyngstad.

Simons historie handlar om den 20 år gamle Simon, som etter vidaregåande skule og førstegongsteneste vervar seg som soldat i den norske styrken i Afghanistan, medan *Kulde* tar



for seg ei gruppe med ungdom som har høgreekstreme sympatier.

- Me ynskjer ofte å samarbeida, men det er ikkje alltid me kan, seier teatersjefen. Men når ein har eit kunstnerisk prosjekt med så brennbare

Samproduksjonen, *Simons historie* av Stig Amdam, med Eirik del Barco Soleglad (t.v) og Ingvill Skjold Thorkildsen, vart nominert til Gullsekken. Foto: Tor Erik Mathiesen.

årlege pris og i år fekk dei inn 25 produksjonar til vurdering. *Simons historie*, av Stig Amdam var nominert saman med *Hun derre Jenny* av Brageteateret, *Kulde* av Trøndelag Teater og *Voff! Art!* produsert av Sagliocco Ensemble. Trøndelag Teater sin teaterproduksjon *Kulde* gjekk av med sigeren.

Skodespelarar i *Simons historie* var Eirik del Barco Soleglad, Ingvill Skjold Thorkildsen, Stine Varvin og Ragnhild Hjortøy.

NYNORSK PRODUKSJON

Manusforfattar av både *Ras* og *Simons historie* er Stig Amdam. Han er òg regissør for *Simons historie*. Begge desse er på nynorsk.

- Amdam er frå Møre og skriv på nynorsk, seier Klemsdal. DNS står ikkje i vegen for å nytte nynorsk på scenen. *Les Miserables*, som vart oppført på DNS i fjor haust, hadde nynorsk både som scenespråk og som programspråk.

- Amdam er ein spennande person. Medan han regisserer på dagtid, spelar han for tida i farsen *Rett i lommen* på kveldstid, avsluttar Klemsdal.

eit tilbod til 10. klassingar og elevar i den vidaregåande skulen.

NOMINERT TIL GULLSEKKEN

Medan DKS i Hordaland kjøpte inn *Simons historie* for turnering gjorde ikkje DKS i Sogn og Fjordane det. På bakgrunn av DKS turneen vart *Simons historie* nominert til Gullsekken saman med fire andre produksjonar. Gullsekken er DKS sin

tema som *Simons Historie* og *Kulde* så samarbeidar me. Desse produksjonane er ifølgje Terje Lyngstad ein del av teatera sitt bidrag til å retta søkjelyset på mangfald og på at me lever i ei verd som er større enn berre den norske.

Medan SOFT turnerte med *Simons historie* i Sogn og Fjordane i januar var teateret på turne med *Kulde* i februar. Begge produksjonane var

Auka omsetjing i Skald

Skald forlag hadde eit godt år i 2008. Forlaget omsette for 7,1 mill. kroner, noko som er ein auka på nesten 18 prosent frå 2007. Det auka salet resulterte i eit overskot på om lag 350.000 kroner.

- Me hadde ingen store bestseljarar siste året, men er likevel godt nøgde med salet av dei fleste av fjorårets 14 bøker. Me har dessutan ei god backlist der fleire eldre titlar selde over 2000 eksemplar, seier dagleg leiar Lars Nes i ei pressemelding.

Skald fekk fleire prisar i løpet av fjoråret. Ein kan nemne sølv til boka «Sogndal» i Grafills «Årets Vakreste Bøker», Noregs mållags «Nynorsk barnelitteraturpris» for «Godnatlboka» og «Gourmand world cookbook awards 2008» for «Fru Ingrid på Røisheim». I tillegg fekk forlaget Språkrådets diplom for godt namneveitt for forlagsnamnet Skald



KULTUR- OG KYRKJEDEPARTEMENTET

Nynorskpris for journalistar 2009

Kven fortener Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar i år? Det er fjerde året Kultur- og kyrkjedepartementet skal dele ut denne prisen, som er på 50.000 kroner og eit norsk kunstverk.

1. mai er fristen for å kome med framlegg til prisvinnar. *Alle framlegg må ha ei skriftleg grunngjeving.* Vinnaren vert peika ut av ein ubunden jury, som på fritt grunnlag vel kven som får prisen.

Nynorskprisen skal fremje bruk av nynorsk i media, og årleg ære ein dyktig journalist som er eit føredøme for andre. Prisen går til ein journalist som har utmerka seg med bruk av levande og god nynorsk i media, og som gjennom arbeidet sitt har gjeve nynorsken status og innpass på nye område.

Prisen vert delt ut under Dei Nynorske Festspela i Ørsta 25. juni 2009.

Spørsmål kan stillast til leiar for juryen, Gry Molvær, telefon 73 88 12 00, eller skrivar Magni Øvrebotten, telefon 57 72 42 30.

Merk forslaga "Nynorskprisen 09", og send dei til:
Nynorsk mediesenter, boks 100, 6801 Førde, eller på e-post: nynorskmediesenter@nrk.no

www.gatta.no

Språkråd



Jan Olav Fretland
- førsteamanuensis i norsk,
medlem av Språkrådet

Den einskilde eleven, kven er det?

Eg sit og les eksamensoppgåver om dagen, prøver å finna ut noko om kva studentane på lærarutdanninga strevar med når dei skriv. Og det er no så mangt som kan forsura livet for ein lærarspire. Ein av dei ville tydelegvis ikkje skriva *følelse*, og så vart det *føling* i staden. Det er vel noko dei med sukkersykja slit med, trur eg. Ein annan skulle unngå *avhengigheit* og prøvde seg med *avhengiging!* Ikkje noko stort framsteg i språksoga, spør du meg.

Men det som fyrst og fremst slår meg nå eg sit og les, er kor mykje tung og tom språkbruk det er i somme av læreplanane og modellane som skulen blir styrt etter. For det er sjølv sagt der studentane finn dei språkelege førebileta sine. Ein kan vera freista til å vera spydig og seia at det er ikkje rart det går dårleg med lesinga til norske elevar når dei skal styrast etter så mykje tåkeprat. De kan berre dømma sjølve: Når dei kloke vil seia at det er viktig at kvar elev får utvikla evnene sine, kjem til dømes ei slik språkpadde ut:

Det er viktig med ei positiv utvikling i høve til individualisering og fokus på individets eigenart.

Og skulle ein ha lyst til å understreka at skulen må bruka lokalsamfunnet i undervisninga, kan det skrivast så enkelt som dette:

Lokalsamfunnets innverknad på den einskilde elevens læring er av avgjerande tyding

Så er det sjølv sagt viktig at den enkelte elevens utvikling skal skjje på ein positiv måte. Men om det blir positivt med så mange ord, lurar eg no på.

Det verste er dette uttrykket *den enkelte eller den einskilde*. Ein kvar skule må tilpassa seg den enkelte elev, les eg hjå ein ivrig student. Og så må den einskilde eleven si utvikling skjje etter eigne evner og føresetnader, står det. Ja, det er no vanskeleg å utvikla eleven etter andre sine føresetnader! Det blir for laust i fisken, dette planspråket, og så lærer studentane å skriva slik òg. Kva så dei gjer når dei kjem ut i skulen og skal læra ungane å bli glade i og nysgjerrige på språket, det kan ein vera redd for.

Den einskilde skulen må passa på den einskilde eleven så ikkje språk-skodda kjøver dei!

Dei fleste av oss er opptekne av å nyte livet her og no

men;

Sjølv sagt skal du nyte dagen i dag. Likevel kan det vere lurt å tenkje litt på dagane som kjem. Eller å la oss i KLP gjere det for deg. Gjennom snart 60 år har vi levert pensjon til kommunar, fylkeskommunar, helseføretak og bedrifter. Målet har heile tida vore å levera den beste pensjonsordninga i marknaden, slik at de som arbeider i det offentlege skal kunne gå pensjonstilvera trygt og optimistisk i møte.

Det er viktig å leve i "nuet". Men det er ganske fint å ha noko å sjå fram til også!

KLP
for dagane som kjem



Berit Normann (66) kom til Mykjemeir etter at ein bofteskade tvang ho til å legge basketballen på hylla. (Foto: Ingvild Grane)

Mykje meir nynorsk

Treningsgründer Yngvar Andersen (35) brukar nynorsk som marknadsføringspråk for å skilje seg ut i jungelen av treningstilbod i Oslo.

INGVILD GRANE

- Vi brukar nynorsken bevisst i marknadsføringa. Dei kundane vi vil nå, legg mykje meir merke til oss når vi brukar nynorsk, fortel den sporty sogningen.

På Lysaker brygge, akkurat på grensa mellom Oslo Vest og Bærum, ligg treningscenteret Mykjemeir i store, lyse lokale som vender mot Oslofjorden. I snøen utanfor travar dress- og draktkledde folk forbi i raskt tempo til og frå dei mange kontora i området. Yngvar Andersen sit i ein stilrein, knalloransje stol i resepsjonen og ventar på sin neste kunde. Sidan treningscenteret Mykjemeir starta for snart tre år sidan, har dei fått ein kundemasse på om lag 250 personar. Det er kanskje ikkje så mykje, samanlikna med eit vanleg treningsstudio. Men ved Mykjemeir kan du ikkje sveitte over tredemøllene og løfte vekter på



Yngvar Andersen (35) ville ikkje ha eit engelsk namn med mange x-ar i på treningscenteret sitt. - Mykjemeir er eit dekkande namn. Vi vil tilby mykje meir til dei som trener ber.

eigehand. Her kjem du berre innanfor dørene dersom du har avtale med ein av senterets i alt ni personlege

trenarar. På ein slik marknad gjeld det å skilje seg ut. Difor tyr Yngvar til nynorsk. Og nynorskprofilen er gjennomført. Det er ikkje berre namnet og reklamemateriellet som er på nynorsk. På heimesida til Mykjemeir må ein aktivt gå inn og trykke på ein knapp for å lese sida sitt innhald på bokmål. Det er eit bevisst val.

- Det er berre på offentlege nettsider at ein har valet mellom å lese innhaldet på nynorsk eller bokmål. Slikt gjer ein ikkje i det private, ler Yngvar.

- Ved å bruke nynorsk, skil vi oss ut. Folk legg merke til det.

LEIKEGRIND FOR TRENING

For mange vil treningsgründeren vere eit kjent fjes frå Puls på NRK. Bak seg har han seks års erfaring som personleg trenar, og dessutan lang fartstid som utøvar både innan friidrett, langrenn, styrkeløft og ulike ballsportar. Treningscenteret Mykjemeir er resultatet av ein draum Yngvar har hatt i mange år:

- Eg hadde drøymd heile mitt vaksne liv om å skape ei leikegrind for god trening, seier han.

- Eg fann ut tidleg at eg ikkje hadde toppidrettsgenet, held han fram.

- Eg ville ikkje trene så mange timar om dagen, og berre tenkje på meg sjølv. På den tida las eg masse livstilmagasin frå USA, der trenden med personlege trenarar var kome like langt då som det har kome i Noreg no. Eg såg med ein gong moglegheitene som låg der, og eg tenkte: "Ein gong skal eg revolusjonere personleg trening", seier Yngvar og ler.

No har eg gjort det. Og det er eg utruleg stolt av, held han fram.

Treningsfilosofien hans går ut på knallhard, men riktig trening.

- Folk skal strekkast så langt som mogleg, med minst mogleg sjansar for å få treningssskadar. Dersom ein trener hardt, treng ein ikkje å bruke så mykje tid på trening, seier han.

- FLINK TIL Å MOTIVERE

Berit Normann (66) har trena med Yngvar i snart eitt år, og kjem til Mykjemeir på bryggkanten ein gong i veka.

- Yngvar får meg til å strekke meg lenger, seier ho.

Den spreke 66-åringen hadde trena aktivt heile livet, då ho for eitt år sidan fekk ein hofte-skade.

- Eg måtte slutte å spele basketball, og det gjorde meg heilt fortvila, fortel ho.

Ein arbeidskollega tipsa ho om å prøve ein time med Yngvar på Mykjemeir, og Berit seier det er viktig for ho å ha ein trenar som kan vegleie ho i å trene riktig.

- Yngvar er utruleg flink til å motivere. Eg er så gammal at eg ikkje let meg lure av trenarar som berre seier "flott" og "godt" når eg trener dårleg. Slik er ikkje Yngvar. Han får meg til å yte mitt beste.

Det same seier Jeanette Brett (29). Ho er ein av deltakarane i Puls på NRK, og trener med Yngvar ein gong i veka.

- Han pushar meg til å strekke meg mykje lenger enn eg ville gjort dersom eg trena på eigenhand, seier ho andpustent frå tredemølla, der ho varmar opp til vekas møte med Yngvar.

Jeanette begynte å trene på Mykjemeir i januar. Etter å ha slitt med bekkenløsning i mange år, tek ho etter to månaders trening 85 kilo i markpress.

- Det er kanonbra! ropar Yngvar når ho rykkar opp ei tung vektstong for femte gong på rad.

- INNMARI MOROSAMT

Både Berit og Jeanette har lagt merke til senteret sin nynorskprofil, og trass i at Oslo Vest knapt kan kallast ei nynorskens vogge, stiller begge seg positive til målvalet:

- Eg synst nynorsk er nydeleg. Og så er det jo eit marknadsføringsstriks, og. Ein legg jo merke til det, seier Berit. - Eg synst det er innmari morosamt, seier Jeanette om marknadsføringsmålet.

- Det er jo ikkje så mange stadar her i Oslo som brukar nynorsk, held ho fram.

- Så du reagerer ikkje negativt på nynorsken?

- Nei, absolutt ikkje. Det kan heller vere ein fordel, som gjer senteret synleg.

Ein målpris frå heimkommunen Luster blei den store oppmuntringa til å satse på språket for Yngvar:

- Det er ikkje særleg mykje fokus på slikt i treningsbransjen. Det er mykje dårleg språk, mykje skrivefeil, og ingen ventar noko anna. Hos oss jobbar vi for at ting skal vere skrivne godt. Målsetjinga er at all informasjon frå oss skal vere på nynorsk, seier han.

INVESTERING I HELSA

Og medan Jeanette blir pusha til enda eit rykk med vektstanga, er det umogleg å ikkje vedgå at treninga blir mykje meir effektiv med ein trenar som klappar, hoppar og ropar "glimrande" når ein trener godt. Men det er ikkje gratis. For ei treningsøkt på 50 minutt kostar det 800 kroner. For 25 minutt kostar det 450.

- Det er jo kjempedyrt, men det er ei vurderingssak. Eg set helsa framfor alt, seier Berit Normann om prisen.

- For det er litt dyrt, Yngvar? - Der må eg seie nei. Ein må sjå prisen opp mot andre ting. Viss ein samanliknar prisen med pengar ein elles kunne sett i banken, er det dyrt. Men det er ikkje så dyrt om ein set det opp mot andre ting ein kjøper og brukar pengar på. Men då må jo også treninga ha eit innhald som står seg. Elles er det ikkje verdt nokon ting.



- Du klarar to til! Det klarer du! ropar Yngvar Andersen oppmuntrande til Puls-deltakar Jeanette Brett.



Foto: Jan Nordtveit

"Dette er din veg. Berre du skal gå han"

Sitat frå diktet Din veg av Olav H. Hauge

Kommunalbanken - ein fulltreffar for kommunen din
-me finansierer lokale løysingar

KBN Kommunalbanken
Norge

Kommunalbanken AS Telefon 21 50 20 00 Telefax 21 50 20 01 www.kommunalbanken.no

I meir enn 80 år har me hjelpt kommunane med å få meir ut av midlane sine. Det er den fremste oppgåva vår.

Me kan gje kommunen din råd og rettleiing om finansiering som kan realisera kommunen sine mål.

B -BLAD

Returadresse:

Vatlandsvåg - 4235 Hebnes

Rasmus Løland-stipend til Jon Ewo

Årets viktigaste stipend, seier prisvinnaren.

BENTE KJOS – WENJUM
bente@norsk-plan.no

- Prisen inneber at eg kan ha fullt fokus på det som er viktig – å skriva gode bøker for det mest kresne, men samstundes mest takksame publikum – unge menneske, seier Ewo. - Eg har alltid eit bokprosjekt på gang. Akkurat no arbeidar eg med ein roman for tenåringer om meiningssløysa i livet, og kva strategi ein skal bruke for å kjempa imot. Jon Ewo er ein av dei beste og mest produktive forfattarar som skriv for born og unge, heiter det i juryens grunngjeving. Stipendet er på 100 000 kroner, og skal stimulera til auka produksjon av barne- og ungdomslitteratur. Norsk barne- og ungdomsbokforfatarar sitt litterære råd grunngjev til delinga med at bøkene til Ewo held høg kvalitet, og han meistrar ulike sjangrar. Han har motteke ei rekkje prisar, og er omsett til fleire språk.



Jon Ewo er ein av dei beste og mest produktive forfattarar som skriv for born og unge, heiter det i juryens grunngjeving. (Foto: Cathrine Almaas.)

Ewo er oppteken av at den unge lesaren har krav på bøker med godt språk. Kva forhold har du til Løland og litteraturen hans? - Rasmus Løland er ein av dei

store klassikarane i norsk barne- og ungdomslitteratur, og eg skulle gjerne ha lese noko av han. Stipendet vert delt ut på fylkestinget sitt møte i Haugesund 16. juni 2009.



song

Natta blæs blommar på vindauget
Om dagen kviskrar sola dei bort

Frosten ber ein kraftlaus tone
eg må syngje for å høyre

Eg pustar
Eg syng
høl på ei frosen rute

Henta frå Hilde Myklebust si diktsamling Søkk

Etterlyser nynorsk barne - tv

Arbeidet med å få meir nynorsk i barne-tv har fått drahjelp. No etablerer NorDubb Studios seg i Volda, skriv nm.no
Selskapet skal leggje på norske røyster på ein serie som skal synast på NRK barne-tv. No leitar dei etter gode røyster i Volda.

- Eg er sikker på at det bur mange menneske i Volda og omegn som har røyster som passar godt til dubbing, seier disponent Morten Lange i NorDubb til Sunnmørsposten. NorDubb Studios utfører dei aller fleste oppgåver innan lyd-til-bilete. NRK, TV2, Svensk Filmindustri, Nordisk Film, Disney Channel, Warner og BBC er blant oppdragsgjevarane til NorDubb.

100 deltakarar pr 1. mars – meld deg på no:

seminar@norsk-plan.no • Telefon 52 79 04 80 • Telefaks 52 79 04 81

RV 13 – DIKTARVEGEN

Frå Jæren, gjennom Ryfylke, Hardanger og Voss, til Sogn og Sunnfjord

A B C D E F G H I J K L M N O P Q R S T U V W X Y Z Æ Ø Å

Stamveg, diktarveg og turistveg – tre sider av same sak

Meir informasjon: www.LNK.no
Kontakt: seminar@norsk-plan.no

KONFERANSE I ULVIK 15. – 16.4. 2009

Knut Vareide, forskar ved Telemarksforsking • Kommunal- og regionalminister **Magnhild Meltveit Kleppa** • Strategi- og næringsdirektør i Hordaland fylke
Jan Per Styve • Ordførar i Ulvik herad **Mona Hellesnes** • Samferdsleminister **Liv Signe Navarsete** • Tom Tvedt, fylkesordførar Rogaland • **Torill Selsvold Nyborg**, fylkesordførar Hordaland • **Nils R. Sandal**, fylkesordførar Sogn og Fjordane • Direktør v/Kvikne hotell **Sigurd Kvikne** • Fylkeutvalsmedlem i Rogaland **Ola O. Ingvalstad** • Ordførar i Ullensvang herad **Solfrid Borge** • **Roald Bergsaker**, prosjektleiar for IS Fjordvegen og leiar av rådet for Nasjonalt Garborgsenter • **Anne Grethe Bakke**, dagleg leiar Destinasjon Voss • Leiar for kulturutvalet i Hordaland **Helge Andre Njåstad** • Kommunikasjonsdirektør i Sparebanken Vest **Jørn Lekve** • Dagleg leiar i Rasmus Lølandstiftinga **Marny Skeie Henkel** • Forfattar **Lars Ove Seljestad** • **Per Selle**, professor ved Institutt for samanliknande politikk, UiB • **Helge Stikbakke**, delprosjektleiar Nasjonale turistveggar • **Anne Hustad**, leiar i Norsk Bibliotekforening • **Håvard Teigen**, professor ved Høgskulen på Lillehammer • Prosjektleiar Nynorske Litteraturdagar **Arve Tokvam** • Direktør i Norsk Vasskraft og Industristadmuseum **Randi Bårtvedt** • Forfattar **Edmund Austigard** • Journalist **Jan Zahl**, Stavanger Aftenblad • Musikar **Annlaug Børshheim** • Dagleg leiar i Jakob Sande-selskapet **Margrete Reisæter** • **Else Marie Sandal**, Litteratursymposiet i Odda • **Torbjerg Austrud**, kommunalsjef for tekniske tenester i Voss kommune